

SULDAL KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: **onsdag 29. april 2015**
Tid: **kl. 09.30**
Sted: **Suldal kommunehus**

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 95 98 69 77, e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sakene 09/15, 10/15 og 12/15

Sakliste:

07/15 Godkjenning av protokoll 11.02.15

08/15 Referat- og orienteringssaker 29.04.15

09/15 Sak frå innbyggjar – bekymringsmelding

10/15 Suldal kommune – uttale til årsrekneskapen for 2014

11/15 Suldal elverk kf – uttale til årsrekneskapen for 2014

12/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Arbeidsgjevarrolla»

13/15 Revisjonsordning frå 2016 – eigenregi eller kjøp av tenester

Ymse

Aksdal, 22.04.15

Sverre Underbakke (sign.)
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie
Utvælssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sakene 09/15, 10/15 og 12/15)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	29.04.15	07/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11.02.15

Vedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøte 11.02.15

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 11.02.15 ligg ved saka til godkjenning. Protokollen er gjennomlest og godkjent av nestleiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 11.02.15 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 22.04.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekreterær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag 11. februar 2015 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av nestledar Berit Myrland.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 09.30 – kl. 11.40
MØTANDE MEDLEMMER:	Berit Myrland (SV), Tormod Skeie (SV) og Solveig Sukka (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ole-Johan Østebø (1.vara)
FORFALL:	Sverre Underbakke (H) og Vanja Ignjatic (H) (kort varsel)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Rune Eskeland, Rogaland Revisjon IKS
ANDRE SOM MØTTE:	Einingsleiar Nora Thorbjørnsen i sak 2/15, bygg og eigedomssjef Lauritz Lauritzen i sak 3/15 og bygdeutviklingssjef Endre Gjil i sakene 2/15 og 4/15
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL 27.11.14

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 27.11.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 11.02.15

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.02.15:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 27.11.14 blir godkjent slik han ligg føre

SAK 2/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 11.02.15

1. Utgreiing om brukarbetaling på sjukeheimen v/einingsleiar for sjukeheimen
2. Ras Suldalslågen v/bygdeutviklingssjefen
3. Statusoversikt pr. februar 2015
4. Skatterekneskapen for 2014
5. Årsrapport 2014 frå skatteoppkrevjaren i Suldal kommune
6. Rapport frå NKRF-konferansen 4. – 5. februar 2015 v/sekretær
7. Tertiarrapport pr. 31.12.14 frå Rogaland Revisjon IKS
8. Oversyn over statlege tilsyn i 2015 frå Fylkesmannen i Rogaland
9. eINFO 15/1 – Redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale
10. Nytt på nett, NKRF – Kontrollutvalgene fyller sin funksjon på en god måte

Handsaming i kontrollutvalet 11.02.15:

Einingsleiar Thorbjørnse gjekk gjennom sitt notat. Fastsetting og etterbereking vert basert på likninga og tal frå NAV. Utvalet gav uttrykk for at notatet var interessant og godt gav gode forklaringar. Medlemmene av utvalet var nøgd med det blei nytta to sakshandsamarar og at regelverket gav noko rom for skjønn.

Bygdeutviklingssjef Gjil gjorde greie for notat og innhald i søknad, rapport i etterkant og f-skapsak til møte 16.01.15 om dekning av utgifter til grunnundersøkingar og rastiltak med ein mill. kr. Alle er no samde i at ut frå det ein veit i dag om kvikkkleiregrunn, skulle det ha vore ei anna tilnærming til søknad. Utvalet sa seg nøgd med orienteringa.

Utvalet meinte skatteoppkrevjinga og arbeidsgjevarkontrollen var godt ivareteke. Sekretær informerte frå ein interessant og lærerik konferanse, samt frå innhaldet i Deloitte sin evalueringsrapport som er overlevert kommunelovutvalet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.02.15:

Referatsakene 1-10 blir tatt til orientering.

SAK 3/15 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT-STYRING AV BYGGEPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kommunestyret tek rådmannen si tilbakemelding om hans oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Styring av byggeprosjekt» til orientering.

Melding om oppfølging sendes kommunestyret til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 11.02.15:

Bygg og eigedomssjef Lauritzen orienterte om rådmannen si tilbakemelding på revisor sine fire tilrådingar. Han var samd i at kommunen sin byggherrefunksjon bør styrkast. Kommunen må ha ein eigen kontaktperson for betre oppfølging og framdrift. Dette trudde han kunne løysast gjennom å frigjere ressursar i eigen organisasjon.

Utvalet meinte tilbakemelding og rapport ikkje peika på noko nytt, men at det var viktig sette tyngde bak tilrådingane. Utvalet ønskte at kontrollutvalet si kommunestyrerrepresentant eller nestleiar innleia når saka vart lagt fram for kommunestyret.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.02.15 og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyret tek rådmannen si tilbakemelding om hans oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Styring av byggeprosjekt» til orientering.

SAK 4/14 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – PLAN- OG BYGGESEAKER

Sekretariatet si innstilling:

1. Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Plan- og byggesaker» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tre tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 11.02.15:

Revisor Eskeland gjekk gjennom rapporten. Revisjonen hadde mellom anna sett på kommunen si organisering, kommunen sine rutinar og sakshandsamingstid. I tilrådinga blei det peika på at kommunen bør få fleire firma til å bruke ByggSøk, utarbeide ein tilsynsstrategi og betre tidsregisteringa.

Utvalet var glad for at Suldal, som ein liten kommune, har grundig sakshandsaming. Utvalet var elles nøgd med rapport.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.02.15 og innstilling til kommunestyret:

1. *Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Plan- og byggesaker» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tre tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 5/15 TINGING AV NYTT PROSJEKT – RUTINE VED SKIFTE AV LEGE I SULDAL KOMMUNE

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Legetenesta i Suldal kommune» i fylgje vedlagte prosjektmandat/ med desse endringane:frå Rogaland Revisjon IKS.

Ramma for prosjektet vert sett til 150 timer.

Handsaming i kontrollutvalet 11.02.15:

Tormod Skeie var ikkje nøgd med at føremål og namn på prosjektet var endra. Utvalet hadde, med medvit, ønska seg ei snever tinging og eit lite prosjekt. Dette meinte han revisjonen ikkje hadde teke omsyn til. Han la difor fram følgjande framlegg til endring:

«Formålet med dette prosjektet er å vurdere tilhøva for pasientane ved hyppig skifte av legar. Ein må difor også sjå på heilskapen i legetenesta i Suldal kommune; organisering, bemanning, legedekning og tilgjengeleighet.»

Utvalet støtta framlegget og ønskte at revisjonen såg prosjektet meir frå eit pasientperspektiv. Utvalet ønskte også å endre tittel for å få fram kva prosjektet hadde som hovudfokus. Revisor kom ikkje med innvendingar til endring, men sa at han skulle vidarebringe utvalet sitt ønskje.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.02.15:

Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Rutinar ved skifte av lege i Suldal kommune» i fylge vedlagt prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS og med følgjande endring av føremål:

«Formålet med dette prosjektet er å vurdere tilhøva for pasientane ved hyppig skifte av legar. Ein må difor også sjå på heilskapen i legetenesta i Suldal kommune; organisering, bemanning, legedekning og tilgang til tenesta.»

Ramma for prosjektet vert sett til 150 timer.

SAK 6/15 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2014

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2014.

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2014 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 11.02.15:

Utvalet gjekk gjennom framlegget. Tormod Skeie var usikker om det var i fjar han deltok på NKRF-konferansen. Vidare var det spørsmål om revisjonen hadde delteke på alle møta, eller om eit av møta var via link. Elles var medlemmene nøgd med årsmeldinga og vedlegg, slik den var framlagd. Sekretær lova å sjekke opp med den faste sekretæren før oversending til kommunestyret.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.02.15:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2014 med eventuelle endringar.

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2014 frå kontrollutvalet til orientering.


YMSE

Ingen saker blei meldt eller teken opp.

Neste møte: 29.04.15, kl. 09.30

Sand/Aksdal, 11.02.15

Berit Myrland
Nestleiar


Toril Hallsjø
utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	29.04.15	08/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 29.04.15

11. Statusoversikt pr. april 2015
12. Kst vedtak 17.03.15, sak 17/15 – rapport «Plan og byggesaker»
13. Kst vedtak 17.03.15, sak 18/15 – oppfølging av «Styring av byggeprosjekt»
14. Kontrollrapport 2014 – frå Skatteetaten
15. Representantskapsmøte 22.04.15 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
16. Representantskapsmøte 11.06.15 på Fitjar – Haugaland Vekst IKS
17. Representantskapsmøte 27.04.15 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
18. Representantskapsmøte 28.04.15 - Ryfylke Miljøverk IKS
19. Representantskapsmøte 18.05.15 på Stord – Krisesenter Vest IKS
20. Årsmøte 11.06.15 - Ryfylke IKS
21. Kommunal Rapport 19.03.15 om rekneskapsresulata i landets kommunar
22. Kommunal Rapport 20.03.15 om regjeringa si oppgavemelding

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.


SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene 11 - 22 blir tatt til orientering.

Aksdal, 22.04.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekreter



Kontrollutvalet i Suldal

Statusoversikt april 2015

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Legetenesta i Suldal kommune	11.02.15	150 timer	Prosjektet er bestilt	Hausten 2015	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Arbeidsgjeverrolla	21.11.13	19.06.14	KST 09.09.14	29.04.15	150 timer
Plan- og byggesaker	19.06.14	11.02.15	KST 17.03.15	12.11.15	200 timer
Andre saker					

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følgt opp	Merknader
Plan for forvaltnings-revisjon 2012-2015	25.04.12	14.11.12	KST 29.01.13		
Barnevernet i Suldal	14.11.12	23.05.13	KST 18.06.13	13.02.14	
Styring av byggeprosjekt	14.11.12/ 25.04.13	21.11.13	KST 04.02.14	11.02.15/KST 17.03.15 (utsett)	
Selskapskontroller					
Interkommunalt Arkiv	25.04.12	31.01.13	KST 19.03.13	21.11.13	
Plan for selskaps-kontroll 2012-2016		14.11.12	KST 29.01.13		
Andre saker					

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 17.03.2015
Møtested: Kommunehuset
Møtetid: 18:00 - 22:00

Før sjølve møtet var det informasjon om helsesamarbeidet ved Aslaug Tangeraas, og Helene Midtun Fieldheim.

Møtedeltakere	Parti
Kari Vaage Gjuvslund	AP
Klara Holmestad Nerheim	AP
Odd Hotvedt	AP
Hans Erik Svennes	UAH
Rainer Speth	H
Sverre Underbakke	H
Bjørn Egil Nerheim	KRF
Roar Obrestad	KRF
Svanhild Løge Skålheim	KRF
Arild Hebnes	SP
Berit J. Haugsland	SP
Endre Kvæstad	SP
Gerd Helen Bø	SP
Ola Hauge	SP
Torkel Myklebust	SP
Tone Mari Sand	SV
Eskil Nerheim	V
Nina Østebø	V

Forfall meldt fra følgende medlemmer	Parti
Britt Mari Engeskar	AP

017/15: FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT -PLAN - OG BYGGESEAKER

Innstilling til kommunestyret:

1. Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Plan- og byggesaker» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tre tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.02.15 og innstilling til kommunestyret:

17.03.2015 KOMMUNESTYRET

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga

K - 017/15:

1. Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Plan- og byggesaker» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tre tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.02.15 og innstilling til kommunestyret:

018/15: OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - STYRING AV BYGGEPROSJEKT

Innsti

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunesyre tek rådmannen si tilbakemelding om hans oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Styring av byggeprosjekt» til orientering.

17.03.2015 KOMMUNESTYRET

Rådmannen orienterte om at det manglar eit notat i saksutgreiinga.

Forslag frå Sverre Underbakke, H:

Saka vert utsett

Samrøystes

**Skatteetaten**Saksbehandlar
Frode Kristiansen

Dykkar dato

Vår dato
13.02.2015Direkte tlf
97724008

Dykkar referanse

Vår referanse
2014/98665

Kommunestyret i Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 SAND

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 18.02.15
Journalført: 15/721 094
Arkivkode: 232

Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Suldal kommune**1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen**

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å legge til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillende i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret**2.1 Bemanning**

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sine årsrapportar :

Tal årsverk 2014	Tal årsverk 2013	Tal årsverk 2012
1,3	1,3	1,3



3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Suldal kommune viser per 31. desember 2014 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 511 335 723 og uteståande restansar² på kr 2 983 382, av dette krav stilla på vent kr 427 225. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2015.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2014 for Suldal kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultat- krav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2012	12,3	99,2	98,0	98,4	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2013	76,1	100,0	99,8	99,9	99,8
Forskotskatt personlege skattytarar 2013	31,2	99,7	99,0	99,7	99,4
Forskotstrekk 2013	190,2	100,0	99,9	100,0	99,9
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2013	146,1	100,0	99,8	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2012	4,3	97,8	99,0	99,7	99,1

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Suldal kommune er tilslutta kontrollordninga Haugaland interkommunale arbeidsgiverkontroll.

Resultat for kommunen per 31. desember 2014 viser i følge skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2014	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utførte kontrollar 2012 (i %)	Utført kontroll 2014 region (i %)
194	10	10	5,2	7,9	9,0	4,6

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2014 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 17. og 18. september 2014.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



Skattekontoret har i 2014 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på tilråding som er gjeve.

5. Resultat av utført kontroll

- *Intern kontroll*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

- *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- *Skatte- og avgiftsinnkrevjing*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- *Arbeidsgjevarkontroll*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.



6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2014 gjeve tilråding som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 29. september 2014.

Venleg helsing

Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest

Jan Kåre Strøm
underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Suldal kommune
- Skatteoppkrevjaren for Suldal kommune
- Riksrevisjonen



IKA's eiere og representantskapets medlemmer

Vår ref.
15/98-6/033&17/TIJ

Deres ref.

Dato:
23.03.2015

Innkalling til representantskapsmøte

Representantskapet ved Interkommunalt Arkiv i Rogaland innkalles med dette til årsmøte:

Onsdag 22. april kl. 10.00

Sted: Bergelandsgata 30 i Stavanger, konferanserommet i 4. etasje.

<i>Saksliste</i>	
01/15	Godkjenning av møteinkalling og saksliste
02/15	Valg av leder og nestleder av representantskapet
03/15	Valg av referent og to representanter til å underskrive protokollen
04/15	Godkjenning av regnskap for 2014
05/15	Godkjenning av styrets årsberetning for 2014
06/15	Godkjenning av årsmelding for 2014
07/15	Godkjenning av budsjett og tilskuddsberegning for 2016
08/15	Godkjenning av økonomiplan for perioden 2016-2019
09/15	Valg av styre (valgkomiteens innstilling ettersendes)
10/15	Valg av valgkomite
11/15	Innkomne saker

Det vil bli servert en enkel lunsj etter møtet.

Saker som ønskes behandlet må være tilsendt administrasjonen innen 15. april. **Det bes videre at det gis beskjed til IKA innen 15. april om hvem som kommer til å representer kommunen/selskapet på møtet.** For at representantskapet skal være beslutningsdyktig, må minst to tredjedeler av representantene være til stede.

Faglig orientering: En presentasjon av Arkivenes hus på Ullandhaug v/Ipark Eiendom AS. I tillegg vil det bli gjort rede for arkivfaglige utfordringer i forbindelse med kommunereform.

Med hilsen

(sign.)
Jorunn P. Hegdal
Representantskapet leder

(sign.)
Tor Ingve Johannessen
daglig leder

Vedlegg.

Representantskapsmøte Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

mandag 27. april 2015 kl. 18.00

Sted: Tysvær rådhus – kantinen
Servering: Enkel
Forfall meldes til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 50 eller
Mobil 95 98 69 79 post@kontrollutvalgene.no

Det ønskes svar fra hver enkelt representant om de har anledning til å møte, eller om en må melde forfall. Vi imøteser svar **innen 15. april**, slik at det blir nok tid til evt. å innkalte vararepresentanter.

For at representantskapet skal være beslutningsdyktig, må minst to tredjedeler av representantene være til stede.

I anledning at selskapet i 2015 har vært i drift i 10 år vil også tidligere styremedlemmer, representantskapsmedlemmer og ansatte bli invitert til en sammenkomst etter møtet.

Til behandling foreligger:

- 1/15 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 2/15 Godkjenning av protokoll fra møte 28.04.14
- 3/15 Referat- og orienteringssaker
- 4/15 Godkjenning av årsregnskap 2014
- 5/15 Godkjenning av styrets beretning og årsmelding 2014
- 6/15 Budsjett 2016
- 7/15 Økonomiplan 2016 – 2019
- 8/15 Brukerundersøkelsen 2015

Aksdal 15.04.15

(sign.)
Aasmund Austerheim
representantskapets leder

(sign.)
Toril Hallsjø
daglig leder

Vedlegg

Kopi: Vararepresentanter
medlemskommunene v/postmottak
styret
revisor

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 21.04.15
Journalført: 15/1321tha
Arkivkode: 26

KRISESENTER VEST IKS
POSTBOKS 495
5501 HAUGESUND

VEDLEGG SAK 8/15 - 19

INNKALLING TIL MØTE I REPRESENTANTSKAPET, MANDAG 18.05.2015.

KL.10.30, I KOMMUNESTYRESALEN , STORD RÅDHUS.

SAKSLISTE:

SAK a GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE.

Valg av referent og to til å underskrive protokollen.

SAK b ÅRSMELDING MED REVIDERT REGNSKAP.

Styret anbefaler at merforbruk i forbindelse med utbyggingen,
KR.359.157,42 dekkes fra disposisjonsfondet.

Sakspapir sendes i posten.

SAK c BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN.

Sakspapir sendes i posten.

SAK d **VALG AV MEDLEMMER TIL STYRET.**

Valgkomiteens forslag ettersendes.

SAK e **VALG AV LEDER OG NESTLEDER TIL STYRET.**

SAK f **VALG AV REVISOR.**

Innstilling fra styret : Apeland Revision.

Haugesund, 20.04.2015.

May Lise Skogøy

Liv-Kari Eskeland

Daglig leder


Representantskapets leder.

maylise@haugesundkrisesenter.no

liv.kari.eskeland@stord.kommune.no

[Meny](#)[Logg ut](#)[Søk](#)

Andel kommuner i pluss og minus



56 prosent av kommunene som har levert tall, hadde reelt sett en løpende drift i underskudd i fjor, viser Kommunal-Rapport.nos korrigering av netto driftsresultat.

Korrigert resultat: I minus utenfor Oslo

Korrigert netto driftsresultat var i minus i fjor for hele Kommune-Norge utenom Oslo. Det viser beregninger Kommunal-Rapport.no har gjort. Sjekk den reelle, underliggende driftsmarginen i din kommune her.

Av Ole Petter Pedersen 18. mars 2015 - 12:58

Liker

Tweet

Mandag meldte Statistisk sentralbyrå at kommunene fikk et netto driftsresultat på 1,3 prosent i fjor. Som Kommunal-Rapport.no fortalte da, utgjorde premieavvik på pensjon en stor andel av dette.

Vi har nå analysert regnskapsresultatene og laget et korrigert netto driftsresultat. Det

korrigerte resultatet skal i størst mulig grad ignorere tilfeldige regnskapstekniske svingninger og si noe om den faktiske, underliggende driftsøkonomien til kommunen.

Samlet for Kommune-Norge utenfor Oslo ble netto driftsresultat i de kommunene som har rapportert i tide, på minus 43 millioner kroner. Siden Oslo gikk litt i pluss, blir totalresultatet pluss 455 millioner kroner, eller 0,1 prosent av brutto driftsinntekter.

Slik har vi korrigert netto driftsresultat:

Korrigering av netto driftsresultat

Vis	50	▼ linjer	Søk:
Post	Beløp	Kommentar	
1. Netto driftsresultat	4987663	Fra Kostra. foreløpige tall	
2. Minus premieavvik pensjon	-3601237	Denne summen kan ikke brukes til å finansiere løpende drift. den må nemlig utgiftsføres i årene som kommer. Fordi summen nesten alltid har gått i én retning (forbedret resultatet) i stedet for å gå i null over få år. er det en forstyrrende faktor som kunstig forbedrer netto driftsresultat	
3. Minus avsetning til bundne fond	-4992450	Penger kommunen ikke kan bruke som den vil. i motsetning til et disposisjonsfond. Et "overskudd" på bundne fond ett år vil derfor bli til et underskudd et annet år.	
4. Pluss bruk av bundne fond	4060943	En utgift kommunen har vært pålagt å ha i år. enten på grunn av overskudd på selvkosttjenester tidligere år. eller fordi øremerkede midler ble utbetalt året før i stedet.	
5. Sum korrigert netto driftsresultat	454919	91 % av netto driftsresultat er borte som følge av korrigeringen	
6. Brutto driftsinntekter	379524915	Til og med 2013 har vi korrigert denne summen for momskompensasjon på investeringer (som kunstig øket omsetningsnivået).	
7. Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0.1	Gir et mye bedre bilde på den reelle driftsøkonomien i Kommune-Norge. enn netto driftsresultat	

Viser 1 til 7 av 7 linjer

[Første](#) [Forrige](#) [1](#) [Neste](#) [Siste](#)

Kraftkommuner topper – Olav Thon-kommunen på bunn

Det er kraftkommunene **Bremanger, Aukra, Bykle, Åseral, Øygarden, Eidfjord, Modalen, Suldal og Hattfjelldal** som fikk de beste driftsresultatene i fjor. Dårligst gikk det i **Hole, Kvænangen, Utsira, Lillesand, Vestre Slidre, Hadsel, Vestvågøy, Hobøl, Hol, Austrheim og Ørskog**. 66 kommuner mangler imidlertid økonomitall i de foreløpige Kostra-tallene. Tradisjonelt har de trege kommunene i snitt hatt dårligere resultater enn de som rekker tidsfristen som er satt for å levere regnskapstall.

Blant de store kommunene var det bare **Asker, Sandefjord, Drammen, Skien og Sandnes** som fikk et korrigert resultat over 1,75 prosent – som er den nye anbefalingen om resultatmargin fra Teknisk beregningsutvalg. Blant de store kommunene var det **Porsgrunn, Ålesund, Sarpsborg, Haugesund og Larvik** som fikk de svakeste korrigerte resultatene.

Bergen, Karmøy og Steinkjer er eksempler på kommuner som framstår med et lite, positivt netto driftsresultat – men hvis underliggende drift reelt sett går i minus. Til sammen er hele 113 kommuner i denne situasjonen. Det kan tilsynelatende se ut som om driften går i pluss – men i realiteten skyldes det bare regnskapsteknikk.

Seks av ti i minus

Nesten seks av ti kommuner som har levert data i tide til å komme med i den foreløpige publiseringen, har et negativt korrigert driftsresultat. Det er femte gang på åtte år at et flertall av kommunene har et reelt driftsunderskudd.

I den samme perioden har særlig premieavvik på pensjon og momskompensasjon på investeringer kunstig forbedret driftsinntektene. Fra og med i fjor forsvant investeringsmomsen fra driftsregnskapet, slik at det ikke lenger er mulig å bygge seg til overskudd i regnskapet.

I tillegg spiller bruk av og avsetning til bundne fond en betydelig rolle i enkeltkommuner. De fem siste årene har denne teknikaliteten samlet forbedret driftsresultatet med 3,2 milliarder kroner. Men dette "overskuddet" er penger kommunene må bruke senere, særlig knyttet til selvkostprosjekter – og som dermed vil gi negative utslag i framtidige regnskaper. Ved å fjerne både bruk av og avsetning til fond fra driftsresultatet, blir det i større grad mulig å sammenlikne år for år uten å måtte forklare spesielle år hvor selvkostregnskapet var langt fra null.

Korrigert netto driftsresultat 2013 og 2014

Vis 50 ▼ linjer

Knr Kommune

101 Halden

Søk:

Fylke	2013	2014	Rang 2014 (av 362)
Østfold	-5.3	-0.5	193

30 nye oppgaver

Regjeringen foreslår 30 nye oppgaver til kommunene i meldingen som ble lagt fram i dag. De største skal kunne overta videregående skoler og kollektivtransport.

Av [Jan Inge Krossli](#)

20. mars 2015 - 11:48

Kommunal Rapport (Oppdatert: 20. mars 2015 - 13:41)

Kommunalminister Jan Tore Sanner (H) la i dag fram kommunereformens lenge etterspurte oppgavemelding. Statsminister Erna Solberg (H) deltok på pressekonferansen, og viste hvor viktig reformen er for regjeringen.

– Bedre tjenester og mer lokaldemokrati er en av denne regjeringens viktigste satsinger. Det er bakgrunnen for kommunereformen og de forslagene vi fremmer i dag, sa Solberg.

Hun mener det har skjedd en svekking av lokal demokratiet, og at det derfor er viktig å føre oppgaver og makt tilbake til kommunene.

– Dette vil være den største samlede flyttingen av oppgaver til kommunene noensinne. Vi går fra sentralisering og detaljstyring til desentralisering og maktspredning, sa Sanner.

Han fastslår at generalistkommuneprinsippet ligger fast, men regjeringen foreslår både at de største kommunene kan få ansvaret for flere oppgaver og de minste for færre.

Videregående og kollektivtransport

Regjeringen foreslår at storbyområdene kan overta fylkeskommunenes ansvar for videregående opplæring og for kollektivtransport. Dette er i tråd med ekspertutvalgets forslag.

– Men det er ingen automatikk i at storbyområdene får disse oppgavene. Ekspertutvalget la to klare forutsetninger. De må ha nødvendig kapasitet og kompetanse til å løse oppgaven, og det må være et likeverdig tilbud i resten av fylket, sa Sanner.

De største kommunene må søke om å overta disse oppgavene, og så vil det bli gjort en vurdering for hver enkelt kommune. For å overta kollektivtransport må kommunen utgjøre en felles bolig-, arbeids- og serviceregion. De kommunene som overtar videregående opplæring og kollektivtransport kan også overta skoleskyss, foreslår regjeringen.

De viktigste oppgavene

Noen oppgaver foreslås flyttet gjennom kommunereformen. Åtte oppgaver skal utredes nærmere, mens det settes i gang forsøk på to viktige områder.

Regjeringen vil sette i gang en forsøksordning med å overføre driftsansvaret for Distriktspsykiatriske sentre (DPS) til kommuner som har god nok kompetanse og kapasitet. Fra 2016 skal det settes i gang forsøk med å gi kommuner utvidet ansvar for barnevern. Barneministeren skal våren 2017 legge fram et forslag om ny oppgavefordelingen mellom stat og kommune i barnevernet.

Andre velferdsoppgaver av en viss størrelse som regjeringen foreslår å overføre, eller skal utredes å overføre, til kommunene er tannhelse, rehabilitering, familievern og varig tilrettelagt arbeid.

14 oppgaver under tittelen «lokal utvikling» foreslås overført til kommunene. Mange av disse vil gi kommunene økt myndighet over arealplanleggingen. Lokal nærings- og samfunnsutvikling skal bli kommunalt ansvar, og flere tilskuddsordninger.

– Innbyggerne vil beholde individuelle rettigheter selv om oppgavene flyttes. Og til ordførerne: Det følger penger med oppgavene, beroliget Sanner.

Fylkeskommunene inn i reformen

Regjeringen foreslår å invitere fylkeskommunene inn i kommunereformen, slik at det regionale nivået utvikles i takt med endringer i kommunestrukturen.

Regjeringen foreslår at fylkeskommunene sommeren 2015 starter den samme nabopraten som kommunene ble oppfordret til i fjor høst, med sikte på å avklare om det er aktuelt å slå seg sammen med nabofylker. Fylkene får frist til høsten 2016 med å melde tilbake. Fylkesgrensene vil kunne vurderes sammen med kommunegrensene våren 2017.

Regjeringen foreslår en helhetlig gjennomgang av den statlige styringen av kommunene. Den skal legges fram for Stortinget i 2017. Oppgavemeldingen inneholder noen konkrete forslag til å begrense statlig detaljstyring. Blant annet skal Kostra-rapporteringen forenkles, og kravet om skolefaglig kompetanse i kommuneadministrasjonen oppheves.

FAKTA

Regjeringen foreslår å overføre ansvaret for følgende oppgaver til kommunene:

- * Tannhelse
- * Rehabilitering
- * Basishjelpemidler
- * Distriktspsykiatriske sentre (DPS) (forsøk)
- * Barnevern
- * Familievern
- * Boligtilskudd
- * Varig tilrettelagt arbeid
- * Arbeids- og utdanningsreiser
- * Finansiering pasienttransport
- * Tilskudd frivillighetssentraler
- * Forenkling av utmarksforvaltning
- * Motorferdsel
- * Lokal nærings- og samfunnsutvikling
- * Større handlingsrom i plan- og byggesaker
- * Tilskudd nærings- og miljøtiltak i skogbruk
- * Tilskudd beite, jordbruk, verdensarv
- * Konsesjonsbehandling, småkraftverk
- * Enkeltutslippstillatelser, forurensingslov
- * Naturforvaltning
- * Det åpnes for at storbyene kan ta over ansvaret for videregående skoler og for kollektivtrafikken under bestemte forutsetninger

(©NTB)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	29.04.15	09/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

SAK FRÅ INNBYGGJAR - BEKYMIRINGSMELDING

Saksvedlegg: Bekymringsmelding frå innbyggjar m/vedlegg (u. off. Offl § 13/FVL § 13)
Førebelgs svarbrev dagsett 20.03.15

Bakgrunn

Kontrollutvalet har fått tilsendt e-post frå en innbyggjar i Suldal, sjå vedlegg.

Det tilsende dokumentet (vedlegget) er unntatt offentlighet. Opplysningar unntatt offentlighet er ikkje nemnt i denne saksutgreiinga, det vert her vist til vedlegget. Kontrollutvalet vel sjølv om det vil bli naudsynt å lukka møtet under handsaminga av saka, i så fall er dette knytt til Koml. § 31 nr. 4¹.

Oppsummert ber avsendaren kontrollutvalet om følgjande:

- å sjå på den omtala saka,
- å sjå på den generelle måten barnevernet i Suldal arbeider på.

Kontrollutvalet vert bede om å vurdere den konkrete saka som er presentert og sjå på den generelle måten barnevernet arbeider på. I bekymringsmeldinga er følgjande spørsmål formulert:

- I kva grad er kommunen tent med eksterne sakshandsamarar i barnevernet, og korleis vert dette kvalitetssikra?
- Dersom saka ligg utanføre kontrollutvalet sitt område – kan da saka sendast vidare til fylkesmannen?

Bekymringsmeldinga blei motteken av sekretariatet den 02.03.15 i e-post, med vedlagt brev dagsett 24.02.15. Meldinga blei bekrefta motteken i ein e-post til avsendar same veka. Eit førebels svarbrev blei sendt frå sekretariatet den 20.03.15, samstundes som utvalsmedlemmene og kommuneadministrasjonen blei varsla om meldinga. Kontrollutvalet ønskte å ta saka opp til handsaming på fyrstkomande møte.

Forvaltningsrevisjon om barnevernet

Kontrollutvalet i Suldal gjennomføre i 2013 ein forvaltningsrevisjon av barnevernet i Suldal kommune. Rapporten blei laga av Rogaland Revisjon IKS og dei anbefalte følgjande forbetringar innan barnevernet:

¹ 4. Et folkevalgt organ kan vedta å lukke et møte når hensynet til personvern krever det.

- *Vi anbefaler kommunen å vurdere hvordan stabilitet og kontinuitet i bemanningen kan sikres over tid.*
- *Vi anbefaler kommunen å vurdere hvordan man kan redusere antall fristover-skridelser ved gjennomføring av undersøkelser.*
- *Vi anbefaler barnevernet å sørge for at lovkravene om oppfølging og kontroll av barnets situasjon i fosterhjemmet, samt lovkravene om tilsyn med fosterhjemmene, blir fulgt opp.*
- *Vi anbefaler kommunen fortsatt å vurdere om interkommunalt samarbeid kan styrke barnevernstjenesten.*

Kommunestyret handsama rapporten i møtet 18.06.13, sak 55/13 og vedtok rapporten sine tilrådingar. Kontrollutvalet handsama sak om oppfølging av rapporten på møtet 13.02.14, sak 04/14. Rådmannen og konstituert barnevernsjef deltok i møtet. Dei gjorde greie for korleis rapporten sine tilrådingar hadde blitt følgt opp. Utvalet sa seg nøgd med rådmannen sine svar og måten rapporten var blitt følgt opp.

Generelt om kontrollutvalets ansvar og oppgåver

Kontrollutvalet er kun pliktig til å handsama saker som kommer frå kommunestyret eller revisor. Når det gjeld andre saker må utvalet sjølv bestemma om saken fell inn under utvalets kontroll og tilsynsoppgåver og om utvalet ønskjer å prioritera saka². Dette inneber også at kontrollutvalet ikkje skal handsama enkeltsaker (enkeltsakene skal handsamast av det organet som desse høyrer til under). Kontrollutvalet kan heller ikkje fatta vedtak som bind forvaltninga³. Kontrollutvalet må eventuelt vidaresenda ei slik type innstilling til kommunestyret og be dei om å fatta vedtak. Kontrollutvalet skal – som nemnt ovanfor - på generelt grunnlag sjå til at kommunen held gjeldande lovar og forskrifter og rettar seg etter vedtak i kommunestyret.

Privatpersonar kan likevel melda frå til kontrollutvalet om saker, men dei kan ikkje krevja at kontrollutvalet handsamar bestemte saker⁴. Sjølv om kontrollutvalet ikkje skal handsama enkeltsaker, kan desse likevel ofte nyttast som ein innfallsvinkel til eit saksområde som det er ønskjeleg å undersøka nærmare i kommunen.

Vedr. den aktuelle saka

Saka er knytt til ei konkret sak, som er handsama av barnevernet i Suldal kommune. Utvalet vil i møtet drøfte den aktuelle saka. Rådmannen vil være representert i møtet med kommunalsjef og barnevernsjef, som vil kunne svara på spørsmål.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Aksdal, 22.04.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

² Jf. Vedlegg 1 til rundskriv H-15/04 merknader til § 4

³Jfr. «Kontrollutvalgsboka» s 32

⁴ Jfr. «Tilsyn og revisjon i kommunal sektor» 2011 av Bråthen, Frydenberg, Rogndokken s 82.



Svein Losnegård

E-post: slo@sev.no

Sendt pr. e-post 20/3-15

Dykker ref.
S. Losnegård

Dykker dato
02.03.15

Vår ref.
15/112/33/ogh

Dato
20.03.15

VEDK. DYKKAR E-POST MOTTATT 02.03.15

Me syner til dykker bekymringsmelding til kontrollutvalet i Suldal, mottatt 02.03.15.

Kontrollutvalet ønskjer å ta opp denne saka på førstkommande møte. Utvalet vil då vurdera kva ein gjer vidare. Det er berre kommunestyret som kan påleggje kontrollutvalet oppgåver. Når det gjeld førespurnader frå andre, må utvalet sjølv vurdere om utvalet vil handsame førespurnaden eller ikkje.

Neste møte i Suldal kontrollutval er 29.04.15. Utvalet vil få di bekymringsmelding lagd fram. Den vert sett opp på saklista som ei sak, der ditt vedlegg blir gjort ikkje offentleg. Utvalet vil i møtet drøfte kva dei vil og kan gjere vidare med saka.

Du vil få melding om avgjerala når endeleg vedtak er fatta.

Kopi av dette brevet blir sendt rådmannen til orientering og han vil bli beden om å delta når saka skal handsamast.

Med helsing
Haugaland kontrollutvalssekretariat IKS

Odd Gunnar Høie (sign.)
Utvalsekretær

Kopi: Suldal kommune v/rådmannen

SAKSGANG		
Utvål	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	29.04.15	10/15
Formannskapet	07.05.15	
Kommunestyret	19.05.15	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	210	

SULDAL KOMMUNE – UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2014

Vedlegg:

1. Framlegg til uttale fra kontrollutvalet til årsrekneskapen 2014
2. Revisjonsberetning 2014 fra Rogaland Revisjon, datert 15.04.15
3. Årsoppgjersnotat 2014 fra Rogaland Revisjon, datert 17.04.15
4. Hovudoversyn – rekneskapen 2014
5. Årsmelding for 2014 (ikkje mangfaldiggjort – eige hefte)

Innleiing:

Vedlagt følgjer signert revisjonsmelding dagsett 15.04.15 (vedlegg 2), og årsoppgjersnotat 2014, dagsett 17.04.15 fra Rogaland Revisjon IKS og framlegg til uttale fra kontrollutvalet (vedlegg 1). Årsrekneskapen og årsmeldinga for 2014 ligg på kommune sine heimesider. Forutan revisor vil økonomisjefen delta under handsaminga av saka.

Bakgrunn:

Det går fram av føreskrift om kontrollutval § 7 at kontrollutvalet skal gi uttale om årsrekneskapen:

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgjøre om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet / kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

Det er ikkje eit krav om at kontrollutvalet handsamer årsmeldinga, men denne skal følgje med som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen.

Kommunestyret skal vedta både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Årsrekneskapen skal vedtakast etter innstilling fra formannskapet. Om årsrekneskap og årsmelding (for kommuner og fylkeskommuner) står det følgjande i Forskrift om årsrekneskap og årsberetning § 10:

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget sjølv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avgjort av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Etter forskrifta § 8 skal også kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader (i revisjonsmelding og/eller i årsoppgjersbrev/notat) blir følgt opp.

I Forskrift om kontrollutval § 7 heiter det at kontrollutvalet skal gi uttale om årsrekneskapen før den vert vedtatt av kommunestyret. Uttaleset gis til kommunestyret. Kopi av uttaleset skal vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan tas omsyn til den før dette organet gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret. Rekneskapen må derfor først leggjast fram for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal også sjå til at revisors merknader i forhold til rekneskapet (årsoppgjersnotat) vert følgt opp – dette i henhold til Kontrollutvalsforskrifta § 8.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er den avgjorte årsrekneskapen og notar, revisjonsmeldinga, revisor sitt årsoppgjersnotat til rådmannen og rådmannen si årsmelding.

Årsrekneskapen med notar

Rekneskapen syner eit **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringer) på 17,8 mill.

Netto driftsresultat er brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnad. Netto driftsresultat blei på ca. 44,2 mill. (reelt 47,5 mill. i fylgje revisor) mot regulert budsjett på 41,3 mill. Det utgjer 8,8, som er godt over nytt anbefalt nivå på 1,75 %.

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2014 er på 90,5 mill. Justert for finans-transaksjonar og inntekter er finansieringsbehovet på 78,1 mill. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (driftsoverskot) på kr 2,95 millionar. Investeringsregnskapet er fullfinansiert og går i balanse.

Det er utarbeidd notar som gjev god informasjon og forklaring til tala i rekneskapen. For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som tydeleg syner kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til.

Årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Årsmeldinga skal i følgje årsrekneskap- og årsberetningsforskrifta vere klar innan 31. mars.

Etter lovendring i 2013 er det nå krav om at rådmannen også skriv noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etikken** i kommunen. Eller som det står i kommunelova § 48 pkt. 5:

«Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten.»

Det skal også skrivast noko om faktiske tilstand når det gjeld likestilling i kommunen. Dette punktet ble tatt inn for ein del år sida og er innarbeida i meldinga. Det skal seiast noko om tiltak som er sette i verk, og tiltak som planleggast for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova. Årsmeldinga gir utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen.

I årsmeldinga for 2014 skriv rådmannen følgjande om økonomi:

Det er viktig å peika på at inntektene frå konsesjonskraft, eigedomsskatt og naturressursskatt er heile 13,4 million lågare i 2014 enn i 2013. Dette vil få konsekvensar i tida som kjem. Når dette ikkje trond få direkte konsekvensar allereie i budsjettet for 15, så skuldast det at me i fjar ikkje tok all inntektsauke ut i auka tenestar, men brukte 10 millionar frå drifta til investering. Kommunestyret har vedteke at drifta skal ned 9,2 million frå 2018, og allereie til hausten skal kommunestyret ta stilling til dette. Det er grunn til å tru at tenestene i kommunen, også etter ei slik tilpassing, vil vera fullt på høgde med andre kommunar. Med denne innleiinga inviterer rådmannen – med sin administrasjon - kommunestyret og dei ulike utvala til debatt over kommunen si utvikling, og håpar på gode innspel og framlegg som kan innarbeidast i neste økonomi- og handlingsplan.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønsker å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønsker å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

Revisor si revisjonsberetning

Revisjonen har avlagt si revisjonsmelding med etterhald. Dette skyldast avdekka ikkje korrigerte feil på 3,3 mill. kr.

Revisor konkluderer med at:

Vi meiner at årsrekneskapen, med unntak av verkinga av forholdet som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjon med etterhald», gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Suldal kommune per 31. desember 2014 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoен i samsvar med lov, forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

I årsoppgjersnotatet har revisor påpeika fleire forhold og konkluderer med:

Rekneskapen inneholder avdekka ikkje korrigerte feil på ca. 3,3 mill. kr. Bortsett frå dette har vi gjennom vår revisjon oppnådd tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneholder vesentlege feil. Gjennomgang av budsjettoppfølgjing, årsrapport og bokfrøingsrutinar har heller ikkje avdekka vesentlige avvik. Vi avgjer derfor ei revisjonsmelding med positive konklusjonar på disse områda. Estimatavviket som nemnt ovenfor, krev etterhald i vår revisjonsmelding.

Kontrollutvalet har kontrollutvalsforskrifta § 8 ansvaret for å sjå etter at dei merknader revisor har gjort, blir følgde opp. Dette gjeld likevel ikkje merknader om betring og effektivisering av normal drift. For 2014 er det ikkje avdekka forhold som kontrollutvalet plikter å følgje opp.

Kontrollutvalet sin uttale

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).


Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i rekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orientering gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2014 slik den ligg føre / med desse endringane / tillegga.....

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. september 2015 på korleis merknadene i årsoppgjersbrevet er følgd opp.

Aksdal, 22.04.15


Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

Til kommunestyret i Suldal

Kontrollutvalet sin uttale om Suldal kommune sin årsrekneskap for 2014

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 29.04.15, sak 10/15 handsama Suldal kommune sin årsrekneskap for 2014.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmeldinga, revisoren sitt årsoppgjerdsbrev og rådmannen sin årsrapport. I tillegg har revisor og rekneskapsansvarlege supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Suldal kommune sin årsrekneskap for 2014 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 2,95 millionar kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 44,2 millionar kroner (reelt 47,5 mill. i fylgje revisor), og at delar av dette er nytta til avsettingar.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2014 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.14.

Ut over dette har kontrollutvalet ingen andre merknader til Suldal kommune sin rekneskap anna enn det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsnotat og revisjonsmeldinga.

Sand, 29.04.15

Sverre Underbakke
Leiar av kontrollutvalet



Til
Kommunestyret i Suldal kommune

VEDLEGG SAK 1/15 - 2

MELDING FRÅ REVISOR 2014

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Suldal kommune som viser kr 336 393 421 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 954 988. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god communal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningsane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneholder vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Grunnlag for konklusjon med etterhald

Inntektsført estimat for tilskot til ressurskrevjande brukara er kr 1 998 821 lavare enn innsendt krav.



Feriepengar av refusjon sykepengar på ca. kr 600 000 og trekk OU på kr 567 006 er ikke inntektsført i 2014. Netto driftsresultat og mindreforbruk for 2014 er tilsvarende for lavt.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen, med unntak av verkinga av forholdet som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjon med etterhald», gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisene bilde av den finansielle stillinga til Suldal kommune per 31. desember 2014, og av resultatet for regnskapsåret som ble avslutta per denne datoan i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre forhold

Kommunen har ikke tilstrekkelig med skattetrekksmidler på bundet bankkonto slik skatteinbetatingsloven § 5-12 krever.

Stavanger, 15.4.2015
Rogaland Revisjon IKS

Cicel T. Arrestad
Revisjondirektør/
statsautorisert revisor



Til
Kommunestyret i Suldal kommune

VEDLEGG SAK 10/15-3

ÅRSOPPGJERSNOTAT 2014

Innleiing

Kommunelovas reglar om tilsyn, kontroll og revisjon går fram av kommunelova kapittel 12. Revisors oppgåver følgjer av lova § 78 og eiga forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv., og kan oppsummerast slik:

- Gjennomføre rekneskapsrevisjon
 - ✓ Vurdere om årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk
 - ✓ Sjå etter at årsrekneskapen stemmer med budsjett eller andre gyldige vedtak
 - ✓ Vurdere om opplysningane i årsmeldinga er konsistente med årsrekneskapen
 - ✓ Vurdere om kommunen har oppfyllt sine plikter med omsyn til tilfredsstillande registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
 - ✓ Sjå etter at kommunen har ordna den økonomiske internkontrollen på ein tryggande måte
 - ✓ Bidra til å førebygge og avdekke økonomisk utruskap og feil. Dersom økonomisk utruskap vert avdekkja, skal kontrollutvalet straks få melding om det.
- Utføre forvaltningsrevisjon og selskapskontroll etter bestilling frå kontrollutvalet.

Resultata av rekneskapsrevisjonen er rapportert i vår revisjonsmelding datert 15.04.2015.

Denne rapporten gjev ei oppsummering av årets revisjon og knyter ein del merknader til den framlagte årsrekneskapen og årsmeldinga.

Den økonomiske situasjonen

Driftsrekneskapen for 2014 viser eit netto driftsresultat på 44,2 mill. kr, som svarer til 8,8 % av driftsinntektene. Dette er ein forbeting av netto driftsresultat med 18,2 mill. kr i høve til 2013, då dette utgjorde 26 mill. kr eller 5 % av driftsinntektene. Det er også manglande inntektsføring av tilskot til dei ressurskrevjande brukarane med ca. 2 mill. kr, samt ytterlegare mindre feil på til saman ca. 1,3 mill. kr, slik at reelt netto driftsresultat då utgjer ca. 47,5 mill. kr eller 9,5 % av driftsinntektene.

Meirverdiavgiftskompensasjon på investeringar på 12,7 mill. kr er for første gong inntektsført direkte i investeringsrekneskapen. Samanlikning av netto driftsresultat med fjoråret må justerast for dette. Med same regelverk for føring av meirverdiavgiftskompensasjon for investeringar, er netto driftsresultat forbetra med ytterlegare ca. 7 mill. kr, som var fjorårets meirverdiavgiftskompensasjon frå investeringar.



Etter endringa i reglane for føring av meirverdiavgiftskompensasjon for investeringar, har teknisk berekningsutval gjort nye berekningar, og fastsatt tilrådd nivå på netto driftsresultat i kommunesektoren til 1,75 % av driftsinntektene. For Suldal ville dette utgjort eit beløp på ca. 8,8 mill. kr for 2014. Kommunens netto driftsresultat ligg vesentleg over dette nivået.

I 2014 er rekneskapen godskrive med ca. 14 mill. kr i positivt premieavvik. Tilbakeføring av fjorårets premieavvik er på ca. 6,7 mill. kr, slik at netto premieavvik/amortisering av tidlegare års avvik er på totalt 7,2 mill. kr.

Det kan vere vanskeleg å samanlikne ein kraftkommune som Suldal mot måltalet på 1,75 %, då det er enkelte relativt store postar som inngår i netto driftsresultat, som ein ikkje finn i ein vanleg kommune. Dette gjeld dei inntektsførte konsesjonsavgiftene som skal brukast til særskilte føremål. I 2014 er det motteke ca. 24 mill. kr i konsesjonsavgifter. Ca. 6,7 mill. kr er brukt i drift og gitt som tilskot, og ca. 15,4 mill. kr er overført til investeringsrekneskapen. Det resterande beløpet på ca. 3 mill. kr er avsett til bunde fond. Kommunens eigedomsskatt er også redusert med ca. 10 mill. kr på grunn av endring i verdsetting av Statkraft sine anlegg. Netto driftsresultat i 2013 var og påverka av eit tilskot til Sandsfjord bru med ca. 20 mill. kr.

Eigenkapitalen utgjer ved årets utgang 718,6 mill. kr. Det tyder at den eigenkapitalfinansierte delen av eigedelane er på 42,6 %, medan eigenfinansieringa av årets investeringar er på 55%. Kommunens økonomi er dermed solid. Den frie eigenkapitalen i form av disposisjonsfond og rekneskapsmessig mindreforbruk, er på 167,8 mill. kr. Noko av dette er allereie disponert. Det visast elles til fyldig og god omtale i årsmeldinga av både den økonomiske situasjonen og tenestetilbodet.

Kommunens eigenkontroll

Det overordna ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen ligg til kommunestyret, jf. kommunelova § 76. Administrasjonssjefen skal i samsvar med § 23 sjå til at administrasjonen er gjengstand for tryggande kontroll, og har dermed det operasjonelle ansvaret for at interne styringsprosessar og kontrollar er etablert og at dei fungerer tilfredsstillande.

Kontrollutvalet er dei folkevalde sitt reiskap for kontroll og tilsyn, og utøvar sin kontrollfunksjon via forvaltningsrevisjon og selskapskontroll som utvalet sjølv har bestilt, i tillegg til den lovbestemte rekneskapsrevisjonen. I denne revisjonsrapporten vil resultata av desse kontrollane kort bli oppsummert. Vi vil innleiingsvis peke på at hovudføremålet med revisjonen er å vere kontrollutvalets forlenga arm idet å utøve kontroll og tilsyn. Samstundes er det vår målsetting at våre revisjonsrapporter – enten det er forvaltnings- eller rekneskapsrevisjon – skal vere til nytte for dei folkevalde så vel som administrasjonen.

Den mest sentrale delen av kommunens eigenkontroll er likevel administrasjonens interne kontroll. Denne blir omtalt nedanfor.

Rekneskapsavlegginga

Rekneskap og årsmelding er lagt fram i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk, men etter fristane som var den 15. februar (rekneskapen) og 30 mars (årsmeldinga). Kommunens årsrekneskap og årsmelding gjer eit oversiktlig bilde av den økonomiske situasjon og drifta.

Rapportering med budsjettoppfølging vart lagt fram for kommunestyret 17.06.2014 (1. tertialrapport) i sak 14/042 og 21.10.2014 (2. tertialrapport) i sak 14/059. Vi har på stikkprøvebasis kontrollert at budsjettvedtak er korrekt registrert og vurdert andre budsjettendringar.

Rekneskapsrevisjon

Rekneskapsrevisjon består av ei vurdering av interne kontrollrutinar, analysar av rekneskapsinformasjon samt testar av rekneskapsopplysningar på transaksjonsnivå. Vesentlege rutinar i kommunen har blitt gjennomgått og interne kontrollar testa. Inntekter og utgifter er kontrollert på stikkprøvebasis, og alle vesentlege postar i balansen har blitt gjennomgått.

Rekneskapsrevisjonen er utført i samsvar med kommunelova med forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, inkludert internasjonale revisjonsstandardar – *International Standards on Auditing*.

Vurdering av intern kontroll

Med intern kontroll meinast i denne samanhengen alle aktivitetar som er satt i verk for å sikre at dei fastsette måla blir nådd. Ein sentral føresetnad for at den interne kontrollen skal vere tilfredsstillande, er at den er godt forankra på leiarnivå. Det er vårt inntrykk at dette er tilfellet i Suldal, noko som blant anna gjer seg utslag i god budsjettdisiplin. Alle fire rammeområda er innanfor budsjett. Budsjettoppfølging er eit av de viktigaste styringsinstrumenta ei kommuneleiing har, og det er derfor særskilt viktig at den fungerer tilfredsstillande.

Andre viktige element i den interne kontrollen er at økonomirutinar og fullmakter er kjent i organisasjonen, og at det skapast forståing for betydinga av kontrollar i alle ledd. Oppdaterte rutineoversikter som er lett tilgjengelege, vil etter vårt skjønn bidra til å førebygge både bevisste og tilfeldige feil, samstundes som det vil sikre kontinuitet i kontrollarbeidet ved fråvær så vel som utskifting av personell.

Kommunen har i 2014 skifta ut økonomisystemet ERV med Visma Enterprise. Overgangen til nytt system har ført til ein del meir arbeid for økonomikontoret, men har likevel fungert tilfredsstillande.

Hovudinntrykket er at Suldal kommune i det vesentlegaste har tilfredsstillande rutinar på dei fleste områda, som lønn, kjøp av varer og tenester, inntekter frå brukarbetalingar og overføringer. Vi har likevel ein del merknader til enkelte av rutinane.

Kontroll av fast og variabel lønn avdekkja at det i enkelte tilfelle blei lagt inn kode for meirverdiavgiftskompensasjon med 8 % for bompengar. Enkelte leverar og inn reiserekningar med utlegg så seint at kommunen tapar kompensasjonen som følgje av at bilaga er forelda. Det er framleis ikkje etablert rutine for kontroll av lønnsjournal av einingsleiarane før utlønning.

Innkjøpsrutinen blir gjennomgått regelmessig av oss i samband med dei terminvise momskompensasjonskrava. Det blir avdekkja enkelte feil som blir korrigert før kravet sendes inn. I 2014 er åtte bilag som beløp seg til kr 35 632, forelda.

Salsrutinar for tekniske avgifter, utleie av bustader og næringslokal, eigenbetaling pleie og omsorg, foreldrebetaling barnehage, SFO og kulturskule er kontrollert utan at det er avdekkja manglande utfakturering. Inntektene synast å vera fullstendige. Kommunen har betalt kr 34 132 til andre kommunar for barnehagebarn, og sjølv faktureert andre for kr 47 398. Utgifter og inntekter for kjøp og sal av barnehageplassar er beskjeden, men kommunen har i dag ikkje gode nok rutinar på dette området.

Inntekter frå kulturhuset er gjennomgått på stikkprøvebasis. Kontrollen avdekkja at det for enkelte produkt liggir inne ein annan avgiftssats enn den som blir bokført i rekneskapen. Dette fører til at feil avgiftsoppgjer blir gitt til skatteetaten. Feila utgjer ikkje vesentlege beløp, men innanfor skatt- og avgiftsområdet må alt vera korrekt. Kommunen må gjennomgå avgiftssatsane i systemet for alle produkta som blir selde, for å sjå at dette blir korrekt. Inntektene frå kino er på ca. 450 000 kr og har auka med ca. 33 000 kr i høve til 2013. Andre inntekter frå kulturhuset, som bowling og andre billettinntekter, ligg noko over budsjett.

På overføringsområdet er tilskot til lag og foreiningar kontrollert utan at vi har nokre merknader. Kontroll av utgifter til sosialhjelp og barnevern avdekkja at det ikkje fantes avtale for ei besøksheim. Innanfor sosialhjelp blei det ikkje avdekkja feil eller avvik, og rutinane fungerer tilfredsstillande. Utgifter til sosialhjelp er ca. 1,2 mill. kr over budsjett. Dette skyldast i hovudsak mange nykomne flyktingar, som før dei begynner på introduksjonsprogrammet, må gå på sosialstønad.

KOFA (Klageorganet for offentlege anskaffingar) har i 2014 avgjort ei sak om uklart konkurransegrunnlag for kjøp av kopimaskiner frå Canon Norge, som Suldal tapte saman med Forsand, Strand, Kvitsøy, Hjelmeland og Bjerkreim. Dette var en sak som ble innklaget i 2012. Kommunen er ikke innklaga i 2014. Våre stikkprøvekontroller av etterleving av lov om offentlege anskaffingar avdekkja at det mangla protokoll i eitt av tre kontrollerte tilfelle.

Bankavstemming er i 2014 gjennomført i eigen modul i Visma, kor alle avstemmingar ligg lagra. Opne postar blir automatisk overført til neste månad og det er ikkje mogleg å slette opne postar. Dette forbetrar den interne kontrollen på området, då arbeidsdelinga elles ikkje er optimal sidan kommunen er liten.

Vi har gjennomført en overordna kontroll av IT-området i løpet av året. Det synest å vere god merksemd omkring IT-tryggleik, og ein avklart arbeidsdeling mot ytre einingar. Sidan også kommunen blir meir sensitiv for systemnedfall og eksterne truslar, vil truleg området kreve god oppfølgjing også framover. Skriftleg katastrofeplan bør derfor utarbeidast. Sidan Suldal, Hjelmeland, Sauda og Strand samarbeider og skal dele fellesutgifter, tilrår vi at det gjerast ein særattestasjon av dette.

Driftsrekneskapen

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 2,9 mill. kr. Inntekter og utgifter, anordningar og bruk av fond er kontrollert dels ved analytiske handlingar, dels ved stikkprøver av detaljtransaksjonar. Rekneskapen framstår med enkelte feil som i sum utgjer ca. 3,3 mill. kr for lite inntektsført/for mykjee utgiftsført.

Kommunens sjølvkostområder innanfor vann, avlaup og sakshandsaming på teknisk etat visar eit totalt underskot på ca. 4,8 mill. kr. Det er eit overskot på avlaup på kr 12 520 etter at det er brukt kr 381 989 av sjølvkostfond. Årsaken til at det er brukt meir av sjølvkostfondet enn nødvendig for å få området i balanse, er at det var eit tilsvarande beløp i underskot i 2013 som ikkje blei dekt opp med bruk av sjølvkostfond. Det er no kr 492 634 igjen på sjølvkostfond for avlaup. Det er ingen andre sjølvkostfond i kommunen då alle dei andre tenestene går med relativt store underskot.

Tilskottet for ressurskrevjande tenestar er i rekneskapen estimert til kr 5 467 179. Innsendt krav etter revisjon er på kr 7 466 000. Inntektsført beløp er med andre ord kr 1 998 821 lågare enn det den faktiske berekninga syner. Dette estimataavviket er avdekkja så seint i årsoppgjeret, at

kommunen vil inntektsføre beløpet i 2015. Sidan beløpet er så stort, krev det eit etterhald i vår revisjonsmelding. Årsaka til at det kan krevjast meir enn estimert, er at dei tidlegare vedtaka ikkje tok med alle tenestane som blei ytt dei ressurskrevjande brukarane. Kommunen har no endra vedtaka slik at dei er i tråd med faktiske tenestar.

Utgifter til samhandlingsreforma er på kr 4 475 100. Kommunen har etablert gode rutinar for å ta imot utskrivningsklare pasientar, og det er ikkje utgiftsført dagsbøter i 2014.

Kommunens konsesjonsavgifter og avkastning av næringsfondet er på ca. 25 mill. kr. Midlane må brukast til næring eller investeringar. Kommunen har berre nytta 22,1 mill. kr av dette beløpet. Det resterande beløpet på ca. 2,9 mill. kr er avsett til bunde driftsfond.

Investeringsrekneskapen

Årets investeringsutgifter er på 90,6 mill. kr, som er noko over regulert budsjett. Opphavleg budsjett var på 129,7 mill., men er redusert i kommunestyret i sak 78/14 og budsjettert på nytt i 2015 på grunn av manglande gjennomføring. Prosjekta er berre skjøve ut i tid, og sal skal etter planen gjennomførast i 2015. Ubrukte lånemiddel utgjer 54 mill. kr pr. 31.12.2014, og er noko høge då årets lån skal dekka årets investeringar.

Vår gjennomgang av investeringsrekneskapen har ikkje avdekkja vesentlege beløp som etter vår vurdering burde vore ført i driftsrekneskapen. Det er særlig skiljet mellom kva som er vedlikehald (som skal førast i driftsrekneskapen), og kva som er oppgradering (som skal i investeringsrekneskapen), som kan vere vanskeleg. Det kritiske punktet i denne samanheng, er at det bare er investeringsutgifter som kan finansierast med lån. Alle andre utgifter må dekkast av driftsinntektene.

Kommunen har seld ein bustad for kr 1 680 000 til ein tilsett. Bustaden som blei seld, blei delvis pussa opp i 2000, kor blant anna taket blei utbetra. Kommunen har seld huset til ein takst fastsett av teknisk etat. Ved sal av kommunal eigedom til tilsette bør det alltid innhentast ein ekstern takst som dokumenterer verdien av eigedomen. Dersom det blir seld til tilsette under marknadsverdi, skal ein slik fordel innberettast som løn til den tilsette.

Korkje den selde bustaden eller anna sal av kommunale tomter er fjerna frå anleggsregisteret ved salet. Årsaka til dette er truleg at anleggsregisteret ikkje er fullstendig, eller at til dømes taket som blei renovera i 2000, truleg er aktivert i ein samlesum for felles rehabilitering av bustader. Aktivering i slike sekkeposter fører til at kommunen har mindre oversikt over sine eigendalar. Det kan også føre til problem med meirverdiavgift ved eventuell endra bruk av bygg, eller utrangering og avgang. Det vil også være eit poeng å få korrekte avskrivingar for dei enkelte bygga. Kommunen har løyst inn tomteområde/areal frå Statsskog. I den samanheng vil dei ha ei gjennomgang av dei anlegga som er aktivert som tomteområde. Me vil anbefala ein større gjennomgang for å sikra at alle eigedomar er aktivert i anleggsregisteret.

I samsvar med kommunelova § 50.7 ledd skal alle innbetalingar på kommunens utlån brukast til nedbetaling av kommunens innlån. Kommunen har motteke kr 591 627 i avdrag på kommunens startlån, medan berre kr 59 905 er nytta til nedbetaling av innlån. Kommunen har sett av det resterande beløpet på kr 531 722 på eit ubunde investeringsfond, som skal brukast til nedbetaling av innlån. Då dette fondet berre kan brukast til nedbetaling av lån, skulle det ha vore avsett til eit bunde fond. Saldo på fondet er nå på kr 1 268 695.

Balanse

Alle vesentlege balansepostar er verifisert per 31.12.2014. Revisionen bygger i stor grad på kommunens eigne avstemmingskontrollar. Det visast til bokføringslova § 11 som krev at alle balansepostar skal vere dokumentert, med mindre dei er ubetydelege.

Skyldig skatt dekkes ikkje opp av skattetrekkskonto, det er satt av kr. 70 931 for lite. Dette er eit brot på skatteinntektsført betalingsforskrifta som medfører ein merknad i revisjonsmeldinga. Årsaka til brotet er at påleggstrekk blei belasta skattetrekkskontoen utan at dette var avsett.

I høve til kommunens finansreglement skal kursreguleringsfondet være på minimum 10 % av kommunens plasseringar i finansielle omlaupsmidlar. Kommunen har plassert ca. 102,5 mill. kr, medan kursreguleringsfondet er på ca. 8,6 mill. kr og såleis under minimum. Når fondet er under minimum, skal 50 % av meiravkastning ut over vanleg bankrente settast av til fondet. Total avkastning er i 2014 på ca. 1,9 % av kommunens finansielle plasseringar. Det er såleis ikkje meiravkastning ut over vanleg bankrente, og ein er då ikkje pålagt å auka avsetnaden til kursreguleringsfondet.

Fleire bankkontoar, til saman 1,475 mill. kr, er fortsatt registrert på kommunen og ikkje bokført i kommunens rekneskap. Desse kontoane tilhøyrar RSK-fondet som er ein del av kommunen og derfor bør tas med i kommuneregnskapet.

Kommunen har krav på refusjon sjukepengar på kr 553 536. Kravet er avstemt mot spesifisert restanseliste og er funnet i orden. Kommunen har ikkje inntektsført feriepengar av sjukepengar, og kravet er såleis ca. kr 600 000 for lågt. ‘

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Kontrollutvalet gjer bestillingar av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i samsvar med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015.

Gjennom året har revisjonen levert to forvaltningsprosjekt:

- *Arbeidsgjeverpolitikk*
- *Plan og byggessaker* - som vart levert like over nyttår

Vedtak i sentrale organ er gjennomgått i løpet av året.

Attestasjonar

Vi har attestert meirverdiavgiftskompensasjonskrava for seks terminar i 2014. I tillegg har vi attestert rapporteringa av ressurskrevjande tenester, antall psykisk utviklingshemma, spelemiddelrekneskap, tilskott til rusarbeid og tilskott til førstelinertettshjelp, for å nemne nokon. Vi vil råde kommunen til å førebu grunnlaga tidligare neste år, slik at rett refusjonsbeløp kan bokførast i rekneskape,n til dømes i januar. Spesielt gjeld dette ressurskrevjande brukarar kor resultateffekten er betydeleg.

Vi har og undersøkt nokre meirverdiavgifts- og rekneskapspørsmål for kommunen.

Kommunen har innvilga, ikkje utbetalte spelemidlar for Suldal stadion (1 mill. kr og 833 000 frå 2014), sandvolleyballbane (200 000 kr), ballbinge Vinjar skule (116 000 kr) frå 2013, Erfjord grøndehus (72 000 kr) kulturbyggtildskott frå 2013, Jonstøl Bru (120 000 kr) frå 2013 frå fjellmiddeltildskott, tippemidlar til Mosvatnet lysløype (400 000 kr) frå 2014 og Fjeldbøskardet (30 000 kr).

Økonomisk utruskap

Revisor plikter i samsvar med revisjonsforskrifta § 4 å rapportere økonomisk utruskap til kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen. Vi har verken avdekkja eller fått melding om at det har vore utført slike handlingar i 2014.

Etisk reglement er vedtatt den 21.10.98.

Betinga forpliktingar og hendingar etter balansedagen

Administrasjonssjef og økonomisjef har gjennom sine underskrifter på fråseguna datert 15.4.2015, stadfesta at vi har fått tilgang til alle opplysningar som er relevante for årsrekneskapen. Vi er ikkje kjende med at det skal føreligge forhold med verknad for årsrekneskapen som det ikkje er tilfredsstillande informert om. Kommunen er for tida ikkje involvert i rettssakar, men det føreligg nokre klagesakar som kan føre til enkelte endringar i eigedomsskatten. Det er tatt tilbørleg omsyn til denne risikoene.

Konklusjon – revisjonsmeldinga

Rekneskapen inneheld avdekkja ikkje korrigerte feil på ca. 3,3 mill. kr. Bortsett frå dette har vi gjennom vår revisjon oppnådd tryggande sikkerhet for at regnskapet ikkje inneheld vesentlige feil. Gjennomgang av budsjettoppfølgjing, årsrapport og bokføringsrutinar har heller ikkje avdekkja vesentlige avvik. Vi gjev derfor ei revisjonsmelding med positive konklusjonar på alle disse områda. Estimatavviket som nemnt ovanfor, krev atterhald i vår revisjonsmelding.

Det vil og bli ein merknad om brot på skatteinflasjonsforskrifta for manglande avsetning av skattetrekk på skattetrekkskontoen.

Kontrollutvalet har etter kontrollutvalsforskrifta § 8 ansvaret for å sjå etter at dei merknader revisor har gjort, blir følgde opp. Dette gjeld likevel ikkje merknader om betring og effektivisering av normal drift. For 2014 er det ikkje avdekkja forhold som kontrollutvalet plikter å følgje opp.

Med helsing
Rogaland Revisjon IKS
Cicel T. Aarrestad
Cicel T. Aarrestad
Revisjondirektør/
statsautorisert revisor


Tore Kristensen
Registrert revisor

Rekneskapskjema 1A1B

Rekneskapskjema 1A	Rekneskap 2014:	Budsjett (R) 2014:	Budsjett (O) 2014:	Rekneskap 2013:
Skatt på inntekt og formue	-84 607 188	-84 500 000	-84 500 000	-82 823 984
Ordinært rammetilskot	-110 158 676	-106 354 000	-106 354 000	-98 841 168
Skatt på eigedom	-114 487 008	-116 900 000	-115 300 000	-118 315 490
Andre direkte eller indirekte skatter	-68 771 515	-70 823 365	-68 400 000	-69 426 387
Andre generelle statstilskot	-11 524 991	-14 066 439	-10 619 000	-9 051 000
Sum frie disponibele inntekter	-389 549 378	-392 643 804	-385 173 000	-378 458 029
Renteinntekter og utbytte	-14 708 607	-13 204 762	-11 680 000	-8 613 683
Gevinst finansielle verktøy	-2 770 622	-1 500 000	-1 500 000	-8 130 059
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgif	4 748 279	6 334 180	9 334 000	5 163 391
Tap finansielle verktøy	3 884 873	-00	-00	2 255 522
Avdrag på lån	12 936 560	12 764 000	12 764 000	10 583 360
Netto finansinntekter/-utgifter	4 090 483	4 393 418	8 918 180	1 258 301
Eigedomsskatt til annan kommune	7 784 705	7 500 000	7 500 000	
Barnehage			470 000	
Netto driftsramme	-377 674 190	-380 750 386	-369 709 000	-377 199 498
Til dekning av tidligere års rekneskapsmessige	-00	-00	-00	-00
Til ubundne avsetninger	49 272 577	48 465 534	4 525 000	71 840 854
Til bundne avsetninger	8 409 437	8 387 347	50 000	12 039 601
Bruk av tidligere års rekneskapsmessige mindr	-19 619 790	-19 619 790	-00	-34 289 034
Bruk av ubundne avsetninger	-13 873 703	-13 629 114	-595 000	-44 063 226
Bruk av bundne avsetninger	-8 280 752	-7 619 000	-4 062 000	-13 109 815
Netto avsetninger	-15 907 770	-15 984 977	-82 000	-7 581 620
Overført til investeringsrekneskapet	25 373 000	25 373 000	34 496 000	14 118 000
Til fordeling drift	-336 393 421	-339 392 409	-335 295 000	-370 663 118
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	333 438 433	339 392 409	335 295 000	351 043 328
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindrefor	-2 954 988	-00	-00	-19 619 790
Rekneskapskjema 1B				
<i>Rammeområde formannskapet</i>				
Formannskapet utgifter	68 133 377	71 167 932	79 586 000	139 325 742
Formannskapet inntekter	-22 599 218	-17 355 448	-9 431 000	-30 430 211
Netto driftsramme	45 534 159	53 812 484	70 155 000	108 895 531
<i>Rammeområde levekårsutvalet</i>				
Levekårsutvalet utgifter	306 360 587	299 155 949	281 053 000	293 521 774
Levekårsutvalet inntekter	-59 638 491	-51 653 425	-38 959 000	-55 568 136
Netto driftsramme	246 722 096	247 502 524	242 094 000	237 953 638
<i>Rammeområde LMT-utvalet</i>				
LMT-utvalet utgifter	69 506 339	65 523 262	62 783 000	90 613 394
LMT-utvalet inntekter	-28 292 764	-25 841 620	-23 296 000	-26 442 021
Netto driftsramme	41 213 575	39 681 642	39 487 000	64 171 373

<i>Rammeområde prosjekt</i>				
Prosjekt integrering av flyktningar	9 728 850	10 256 000	7 092 000	-7 022 700
Utbetringstilskot	1 796 141	3 755 439	3 002 000	-300 000
Barnehagetilskot		55 000	55 000	
Sal av konsesjonskraft, netto	-12 336 496	-16 550 000	-22 100 000	-22 026 508
Sal av konsesjonskraft, utgifter	1 908 000	2 701 500	2 701 023	
Netto næringsfond	819 820	1 670 820	4 000 000	-00
Netto sosiallån	80 289			
Rentekompensasjon	-1 128 001	-2 005 000	-2 005 000	-00
Amortisering Rogaland Fylke	-900 000	-1 488 000	-1 488 000	-900 000
"Motpost avskrivning"				-29 728 006
Sum fordelt til drift (fra skjema 1A)	333 438 433	339 392 409	335 295 000	351 043 328

Rekneskapsskjema 2A2B

Rekneskapsskjema 2A	Rekneskap 2014:	Budsjett (R) 2014:	Budsjett (O) 2014:	Rekneskap 2013:
Investeringer i anleggsmidler	90 559 726	85 681 134	129 676 000	51 907 461
Utlån og forskutteringer	2 337 000	5 000 000	5 000 000	3 524 643
Avdrag på lån	1 157 842	1 157 842	960 000	59 405
Avsetninger	59 905	190 000	190 000	3 088 454
Årets finansieringsbehov	531 722	-100 000		58 579 963
<i>Finansiert slik:</i>	94 646 195	91 928 976	135 826 000	
Bruk av länemidler				-4 671 355
Inntekter fra salg av anleggsmidler	-44 293 646	-46 956 646	-92 348 000	-1 844 241
Kompensasjon for merverdiavgift	-1 680 000	-562 964	-500 000	
Tilskot til investeringer	-00			-00
Mottekne avdrag på utlån og refusj	-12 670 394	-9 123 000		-3 459 673
Andre inntekter	-3 254 210	-570 000	-190 000	-00
Sum ekstern finansiering				-9 975 268
Overført fra driftsrekneskapet	-61 898 250	-57 212 610	-93 038 000	-14 118 000
Bruk av avsetninger	-25 373 000	-25 373 000	-34 496 000	-34 486 695
Sum finansiering	-7 374 945	-9 343 366	-8 292 000	-58 579 963
Udekket/udisponert	-94 646 195	-91 928 976	-135 826 000	-00
Rekneskapsskjema 2B - investeri				
Formannskapet	2 932 354	6 547 196	4 160 000	2 651 594
Levekårsutvalet	50 422 380	39 384 090	47 698 000	21 158 484
LMT-utvalet	37 204 992	39 749 848	77 818 000	28 097 383
Sum investeringer i anleggsmidler	90 559 726	85 681 134	129 676 000	51 907 461



HOVUDOVERSIKT DRIFTSREKNESKAP

17. april 2015

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap f år
Driftsinntekter			
Bruker betalinger	-14 405 282,87	-15 232 700	-15 075 777,24
Andre Salgs og leigeinntekter	-25 764 871,59	-28 530 535	-26 830 784,35
Refusjonar	-57 931 348,91	-38 394 409	-70 740 142,58
Rammetilskot frå staten	-110 158 676,00	-106 354 000	-98 841 168,00
Andre statlige tilskot	-11 524 991,00	-14 066 439	-9 051 000,00
Andre overføringer	-12 486 496,31	-16 550 000	-22 199 744,70
Inntekts- og formueskatt	-84 607 188,49	-84 500 000	-82 823 984,36
Eigedomsskatt	-114 487 008,04	-116 900 000	-118 315 490,04
Andre direkte og indirekte skattar	-68 771 514,88	-70 823 365	-69 426 387,00
Sum driftsinntekter	-500 137 378,09	-491 351 448	-513 304 478,27
Driftsutgifter			
Lønsutgifter	255 097 484,17	258 888 424	249 306 511,48
Sosiale utgifter	65 333 296,53	66 609 734	65 708 131,65
Kjøp av varer og tj. Som inngår i prod.	76 641 749,68	73 633 718	74 038 549,20
Kjøp av varer og tj som erstatter prod.	13 826 816,70	11 891 300	14 852 998,86
Overføringer	43 792 094,78	35 875 467	78 409 859,07
Avskrivningar	30 574 790,62	30 574 788	29 728 006,31
Fordelte utgifter	-2 930 407,92	-2 119 410	-2 413 543,96
Sum driftsutgifter	482 335 824,56	475 354 021	509 630 512,61
Driftsresultat	-17 801 553,53	-15 997 427	-3 673 965,66
Finansinntekter			
Renteinntekter og utbytte	-14 708 607,41	-13 204 762	-8 613 682,64
Gevinst finansielle instrument	-2 770 621,66	-1 500 000	-8 130 059,45
Mottekne avdrag på utlån	-4 954 762,30	-4 597 180	-5 428 797,15
Sum eksterne finansinntekter	-22 433 991,37	-19 301 942	-22 172 539,24
Finansutgifter			
Renteutgifter og låneomkostningar	4 748 279,25	6 334 180	5 163 390,51
Tap finansielle instrument	3 884 872,92	-00	2 255 522,52
Avdrag på lån	12 936 560,00	12 764 000	10 583 360,00
Sosial og næringsutlån	5 004 865,84	5 418 000	11 416 068,00
Sum Eksterne finansutgifter	26 574 578,01	24 516 180	29 418 341,03
Resultat ekst. finanstransaksjonar	4 140 586,64	5 214 238	7 245 801,79
Motpost avskrivningar	-30 574 790,62	-30 574 788	-29 728 006,31
Netto driftsresultat	-44 235 757,51	-41 357 977	-26 156 170,18
Interne finanstransaksjonar			
Bruk av udisponert fra tidligere år	-19 619 790,11	-19 619 790	-34 289 034,17
Bruk av disposisjonsfond	-13 873 702,86	-13 629 114	-44 063 226,21
Bruk av bundne fond	-8 280 751,65	-7 619 000	-13 109 814,88
Bruk av likviditetsreserven	0,00	-00	0,00
Sum bruk av avsetjingar	-41 774 244,62	-40 867 904	-91 462 075,26
Overført til inv rekneskapet	25 373 000,00	25 373 000	14 118 000,00
Avsett til dekning frå tidligere år	0,00	-00	0,00
Avsett til disposisjonsfond	49 272 577,36	48 465 534	71 840 853,92
Avsett til bundne fond	8 409 437,00	8 387 347	12 039 601,41
Avsett til likviditetsreserven	0,00	-00	0,00
Sum avsetjingar	83 055 014,36	82 225 881	97 998 455,33
Udisponert over-/underskot	-2 954 987,77	-00	-19 619 790,11



HOVUDOVERSIKT INVESTERING

17. april 2015

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap f år
HOVUDOVERSIKT			
Inntekter			
Salg av driftsmidler og fast eigedom	-1 680 000,00	-562 964	-143 971,21
Andre salgsinntekter	0,00	-00	0,00
Refusjonar	-15 332 977,30	-9 503 000	-2 807 439,88
Statlige overføringer	0,00	-00	0,00
Andre overføringer	0,00	-00	0,00
Renteinntekter og utbytte	0,00	-00	0,00
Sum Inntekter	-17 012 977,30	-10 065 964	-2 951 411,09
Utgifter			
Lønsutgifter	339 958,80	-00	324 206,92
Sosiale utgifter	92 244,84	-00	92 833,51
Varer og tjenester i komm.eigenprod	77 457 128,66	85 681 134	44 490 659,22
Kjøp av tjenester som erstattar eigenprod.	0,00	-00	0,00
Overføringer	12 670 394,30	-00	6 999 761,34
Renteutgifter og omkostningar	0,00	-00	0,00
Fordelte utgifter	0,00	-00	0,00
Sum Utgifter	90 559 726,60	85 681 134	51 907 460,99
Finanstransaksjonar	0,00	190 000	0,00
Avdrag på lån	59 905,00	5 000 000	59 405,00
Utlån	2 337 000,00	1 157 842	2 580 000,00
Aksjekjøp	1 157 842,00	-00	944 643,00
Avsett til ubundne investeringsfond	531 722,00	-100 000	3 088 454,42
Dekning av tidlegare års udekka	0,00	-00	0,00
Avsett til bundne fond	531 722,00	-00	0,00
Avsett til likviditetetsreserven	0,00	-00	0,00
Sum Finanstransaksjonar	4 618 191,00	6 247 842	6 672 502,42
Finansieringsbehov	78 164 940,30	81 863 012	55 628 552,32
Dekka slik :			
Bruk av lån	-44 293 646,00	-46 956 646	-4 671 354,61
Mottekne avdrag	-591 627,00	-190 000	-652 233,00
Salg av aksjer	0,00	-00	-1 700 269,71
Overført frå driftsrekneskapet	-25 373 000,00	-25 373 000	-14 118 000,00
Bruk av disposisjonsfond	-7 374 945,30	-9 343 366	-27 346 695,00
Bruk av ubundne investeringsfond	0,00	-00	-7 140 000,00
Bruk av bundne fond	0,00	-00	0,00
Bruk av likviditetetsreserve	0,00	-00	0,00
Udekka	0,00	-00	0,00
Sum finansiering	-77 633 218,30	-81 863 012	-55 628 552,32

HOVEDOVERSIKT BALANSE

Tekst	Rekneskap 2014:	Andel	Rekneskap 2013:	Andel
-------	-----------------	-------	-----------------	-------

HOVUDOVERSIKT BALANSEREKNESKAP

(Eigedeler, Gjeld og Eigenkapital)

EIGEDELAR

ANLEGGSMIDLAR	1 319 018 877,41	76	1 199 888 679,94	76
Fast eigendommer og anlegg	720 975 413,59	43	650 079 581,72	61
Utstyr, maskinar og transportmidlar	21 567 648,37	2	22 906 324,31	3
Utlån	51 562 498,45	3	49 750 724,91	2
Pensjonsmidlar	502 758 828,00	27	456 155 402,00	32
Aksjar og andelar	22 154 489,00	1	20 996 647,00	2
OMLØPSMIDLAR	369 490 894,39	24	330 451 597,65	24
Premieavvik	14 026 400,00	1	6 860 526,00	2
Kortsiktige fordringar	40 631 678,26	3	42 700 260,89	13
Aksjar og andelar	24 561 702,92	1	25 798 788,68	7
Sertifikatar	0,00	0	0,00	-
Obliqasjoner	77 949 392,99	5	74 901 977,80	21
Kasse, postgiro, bankinnskot	212 321 720,22	14	180 190 044,28	57
SUM EIGEDELAR (linje 1+3)	1 688 509 771,80	100	1 530 340 277,59	100

EIGENKAPITAL

BOKFØRT EIGENKAPITAL

SUM BOKFØRT EIGENKAPITAL	-718 595 811,05	45	-657 961 729,37	46
Dispositionsfond	-164 872 050,88	9	-136 848 121,68	23
Bundne Driftsfond	-40 984 276,06	3	-40 855 590,71	4
Ubundne investeringsfond	-6 369 568,80	1	-5 837 846,80	1
Bundne investeringsfond	0,00	0	0,00	-
Rekneskapsmessige mindreforbruk	-2 954 987,77	2	-19 619 790,11	1
Rekneskapsmessige meirforbruk	0,00	0	0,00	-
Udekka	0,00	0	0,00	-
Likviditetsreserve	0,00	0	0,00	-
Kapitalkonto	-508 031 341,56	31	-459 416 794,09	68
Prinsippavvik	4 616 414,02	0	4 616 414,02	-1
GJELD	0,00	0	0,00	54
LANGSIKTIG GJELD	-873 318 592,82	47	-801 522 588,82	87
Pensjonsforpliktning	-626 472 177,00	35	-587 253 708,00	70
Ihendehavarobliqasjoner	0,00	0	0,00	-
Sertifikatlån	0,00	0	0,00	-
Andre lån	-246 846 415,82	12	-214 268 880,82	30
KORTSIKTIG GJELD	-96 595 367,93	8	-70 855 959,40	7
Kassakredit	0,00	0	0,00	-
Anna kortsiktigt gjeld	-96 595 367,93	8	-70 855 959,40	100
Premieavvik	0,00	0	0,00	-
SUM GJELD OG BOKFØRT EIGENKAPITAL	-1 688 509 771,80	100	-1 530 340 277,59	100

MEMORIAKONTO

Ubrukte låmemidlar	54 547 523,17	53 267 169,17
Andre memoriakonti	-0,01	-0,01
Motkonto for memoriakonti	-54 547 523,17	-53 267 169,17

Sand 27.03.2015

Ørvind Valen
rådmann

Arnfinn Gundersen
kommunekasserar

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	29.04.15	11/15
Kommunestyret	19.05.15	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie		212

SULDAL ELVERK KF – UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2014

Saksvedlegg:

1. Framlegg til uttale frå kontrollutvalet til rekneskapen 2014
2. Årsmelding 2014 m/rekneskap 2014 (blir ettersendt når den er klar)
3. Revisjonsberetning for 2014, datert 28.04.15 - frå Rogaland Revisjon IKS
4. Årsoppgjørsnotat 2014, datert 21.04.15 - frå Rogaland Revisjon IKS
5. Oppsummering Interim Revisjon 2014 – brev nr. 1
6. Vedkomande interim revisjon 2014 – svar frå Suldal Elverk KF
7. Møtebok frå Elverkstyret 28.04.15(blir ettersendt/lagt fram i møtet)

Saksorientering:

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunale føretak sin årsrekneskap blir revidert på ein trygg måte, og under her til ei kvar tid halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at dette forgår i samsvar med dei vilkår som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar, eller avtalar med revisor.

Når kontrollutvalet har fått framlagt revisjonsmeldinga frå revisor, skal utvalet gje uttale om årsrekneskapen til føretaket før han blir handsama av kommunestyret.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er den avlagde årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding.

Styret si årsmelding og årsrekneskap med notar

Rekneskapen og årsmelding skal handsamast av styret i Suldal Elverk KF 28.04.15. Utskrift frå styret si handsaming blir ettersendt/lagt fram i møtet.

Rekneskapen for 2014 syner eit overskot på 10,5 millionar.

Styret gjer framlegg om at overskotet blir disponert ved at 4 millioner blir utbetalt som utbytte, resten vert tillagt eigenkapitalen.

Årsmeldinga vil gjere nærmare greie for resultatet og fordeling av dette på dei ulike avdelingane. Vidare merknader og forklaringar til rekneskapen går fram av årsmeldinga og notane til rekneskapen.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrev kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de.

Innhaldet i revisor si melding og årsoppgjersnotat:

Revisor si revisjonsmelding (beretning) , årsoppgjersnotat og brev nr. 1 (oppsummering interimrevisjon 2014) følgjer vedlagt.

Revisor tar etterhald i revisjonsmeldinga om verien på det balanseførte lageret og ordinært resultat kan difor vere feilrapportert. Revisor meinar at kontrollutvalet bør følgje opp merknadene i revisjonsberetninga. Kontrollutvalet kan gjera ein sjølvstendig vurdering av dette.

Kontrollutvalet har høve til å komme med kommentarar til særrekneskapen. Dersom kontrollutvalet ønskjer å komme med spesielle kommentarar til rekneskapen ut over framlegg til vedtak må desse innarbeidast i kontrollutvalet sitt vedtak.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Suldal har fylgjande kommentar:

Kontrollutvalet i Suldal har ingen merknader til Suldal Elverk sin særrekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsnotat og revisjonsmeldinga.

Revisor tar etterhald i revisjonsmeldinga når det gjeld verdien på det balanseførte varelageret og at ordinært resultat kan derfor være feilrapportert.

til særrekneskapen til Suldal Elverk KF 2014 og vedtek uttalen slik den ligg føre / med desse endringane / med desse tillegga.

2. Kontrollutvalet ber Suldal Elverk KF v/dagleg leiar gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. september 2015 på korleis merknadene i revisjonsberetninga og årsoppgjersnotat er følgd opp.

Aksdal, 23.04.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekreter

Til kommunestyret i Suldal

Kontrollutvalet sin uttale om Suldal Elverk sin årsrekneskap for 2014

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 29.04.15, sak 11/15 handsama Suldal Elverk sin særrekneskap for 2014.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde særrekneskapen, revisjonsmeldingen, årsoppgjørsnotat og styret si årsmelding.

Kontrollutvalet sin uttale

Kontrollutvalet har merka seg at Suldal Elverk KF sin rekneskap for 2014 viser eit årsresultat på 10,5 mill. kr.

Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldingen, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttykk for resultatet av føretaket sin verksemd for 2014 og for føretaket si økonomiske stode pr. 31.12.14.

Kontrollutvalet i Suldal har ingen merknader til Suldal Elverk sin særrekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsnotat og revisjonsmeldingen.

Revisor tar etterhald i revisjonsberetninga når det gjeld verdien på det balanseførte varelageret og at ordinært resultat kan derfor være feilrapportert.

Sand, 29.04.15

Sverre Underbakke
Leiar av kontrollutvalet



Til Suldal kommunestyre

VEDLEGG SAK 115-3

REVISORS BERETNING FOR SULDAL ELVERK KF FOR 2014**Uttalelse om årsregnskapet**

Vi har revidert særregnskapet for Suldal Elverk KF, som består av balanse per 31. desember 2014, resultatregnskap som viser et årsoverskudd på kr 10 537 755 og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper, kontantstrømanalyse og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide særregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med regnskapsloven god regnskapsskikk, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et særregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette særregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningsene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at særregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for foretakets utarbeidelse av et særregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av foretakets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av særregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Grunnlag for konklusjon med forbehold

Oppalt varelager er kr 643 742 høyere enn lagerkartotek. Rutinene har i 2014 vært så usikre at vi ikke kan uttale oss om verdien på det balanseførte lageret på kr 4 980 536. Ordinært resultat kan derfor være feilrapportert.



Konklusjon med forbehold

Etter vår mening er årsregnskapet, med unntak av virkningen av forholdet som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjon med forbehold», avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av den finansielle stillingen til Suldal Elverk per 31. desember 2014, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoens i samsvar med lov, forskrift og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelser om øvrige forhold***Konklusjon om særbudsjett***

Basert på vår revisjon av særregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for særregnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpene i særregnskapet stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av særregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om særregnskapet er konsistente med særregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av særregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktig registrering og dokumentasjon av foretakets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god regnskapsskikk

Stavanger, 28.4.2015
Rogaland Revisjon IKS

Cicel T. Arrestad
Revisjonsdirektør/
statsautorisert revisor



Til
Styret i Suldal Elverk KF

VEDLEGG SAK 115 - 4

ÅRSOPPGJØRSNOTAT 2014

Innledning

Kommunelovens regler om tilsyn, kontroll og revisjon framgår av kommuneloven kapittel 12. Revisors oppgaver følger av loven § 78 og egen forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv. og kan oppsummeres slik:

- ✓ Vurdere om årsregnskapet er avlagt i samsvar med lov, forskrift og god regnskapsskikk
- ✓ Se etter at årsregnskap stemmer med budsjett eller andre gyldige vedtak
- ✓ Vurdere om opplysningene i årsberetningen er konsistente med årsregnskapet
- ✓ Vurdere om foretaket har oppfylt sine plikter mht. tilfredsstillende registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger
- ✓ Se etter at foretaket har ordnet den økonomiske internkontrollen på en betryggende måte
- ✓ Bidra til å forebygge og avdekke misligheter og feil.

Resultatene av regnskapsrevisjonen er rapportert i vår revisjonsberetning datert 28.4.2015. Dette årsoppgjørsnotatet gir en oppsummering av årets revisjon og knytter en del kommentarer til det framlagte årsregnskapet og årsmeldingen.

Foretaket har ikke vært gjenstand for forvaltningsrevisjon i 2014.

Regnskapsavleggelsen og den økonomiske situasjonen

Regnskapet og årsberetningen er avlagt i samsvar med lov, forskrift og god regnskapsskikk. Foretakets regnskap er en del av Suldal kommunenes framlagte årsregnskap. Suldal Elverk skal avlegge sitt regnskap i samsvar med forskrift av 24.8.2006 om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale foretak. Selv om foretaket følger regnskapslovens krav, er det visse forhold som skal ivaretas etter de kommunale forskriftene. Blant annet har daglig leder etter forskriften § 4 rapporteringsplikt gjennom året til styret mht. økonomisk utvikling i forhold til budsjett. Fireårig handlings- og økonomiplan skal utarbeides og innlemmes i kommunens plan. Nødvendige budsjettjusteringer skal gjennomføres og rapporteres tertialvis til kommunestyret.

Årsregnskapet er fremlagt med et årsresultat på 10,5 mill. kr etter skatt. Det er foreslått et utbytte i tråd med eieres forventinger på 4 mill. kr, mens det øvrige overskudd er foreslått avsatt til fri egenkapital. Inngående balanse av egenkapitalen er redusert med ca. 2 mill. kr som følge av endret ligning 2013. Egenkapitalandelen blir etter dette på 82 %, og foretaket er

dermed fortsatt svært solid. Den likvide situasjon har vært noe anstrengt i løpet av året. Førårets utbytte til kommunen er av den grunn ikke utbetalt i sin helhet. Vi anbefaler foretaket å lage et likviditetsbudsjett der en også vurderer låneopptak, da foretakets investeringer opp til nå har vært 100 % egenfinansiert. For øvrig vises til grundig omtale av drift, endringer og økonomi i årsmeldingen.

Regnskapsrevisjon

Regnskapsrevisjonen er gjennomført i samsvar med kommuneloven med tilhørende forskrift og god kommunal revisjonsskikk, herunder internasjonale revisjonsstandarder – *International Standards on Auditing*.

Vurdering av intern kontroll og rutiner

Det overordnede ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen tilligger kommunestyret iht. kommuneloven § 76. Dette ansvaret er delegert til foretakets styre, jf. loven § 67. Daglig leder har det operative ansvaret, og skal sørge for at bokføringen skjer i samsvar med lov og forskrift, og at formuesforvaltningen er betryggende (kml. § 71 nr.2).

I løpet av året er alle hovedrutinene, som salg, kjøp og lønn, gjennomgått. I all hovedsak fremstår selskapets arbeidsdeling og internkontroll som hensiktsmessig. 2014 har vært et spesielt år, med omorganisering og endring av ansvarsområder som følge av skifte av daglig leder, der formålet har vært effektivisering. Som en følge av dette har noen funksjoner blitt stående tomme i deler av året. Samtidig ble det lagt opp til store endringer ved å ta i bruk nytt økonomisystem midt i årsoppgjøret. Etter vår vurdering var systemskiftet ikke godt nok forberedt, noe vi påpekte i nummerert brev av 7.1.2015. Under årsoppgjøret viste det seg at foretaket fortsatt ikke var kjent med rapporteringsmodulen i det nye systemet. Etter vårt skjønn jobber en unødig tungt når en ikke i tilstrekkelig grad setter seg inn i installert økonomisystem. En annen følge er at nødvendig styringsinformasjon ikke kan tas ut fortløpende og med rimelig grad av tidsbruk. Det har imidlertid vært god oppmerksomhet omkring styrerapportering av økonomi i løpet av året. Vi vil likevel peke på at foretakets administrasjon er liten og dermed sårbar. Etter vårt skjønn bør foretakets kompetanse innen økonomi og IKT styrkes. Vi vil også opprettholde vår anbefaling om at det utarbeides skriftlige rutinebeskrivelser slik at sårbarheten kan reduseres. Det er god lederrøpfølging av økonomi og resultater i foretaket, og innkjøps- og lønnsområdet fungerer i hovedsak tilfredsstillende.

De to siste årene har en forsøkt å foreta såkalt rullerende telling av varelager. Siden kontroll-tellingen viste store avvik, er lageret opptalt i sin helhet pr. 31.12.14. Det er nå utpekt en person som skal fysisk sikre lageret i tilstrekkelig grad, slik at en trolig fra neste år av kan basere seg på rullerende telling.

Det er ikke avdekket vesentlige feil ved våre stikkprøver av kostnader i 2014. I hovedsak synes det å være god forståelse og praktisering av lov om offentlige anskaffelser, hvor en benytter seg av tjenester fra Innkjøpsassistansen Vest og Kjøpekraft Vest. Våre kontroller avdekket også i år to manglende avtaler/protokoller.

På lønnsområdet ble det avdekket noen manglende signaturer, samt manglende dokumentasjon for timer som ble avspasert i stedet for å bli tatt ut i lønn. Når det gjelder refusjon sykepenger, blir disse inntektsført ved innbetaling fra NAV. Refusjonene inntektsføres i forbindelse med den påfølgende lønnskjøringen, med den følge at arbeidsgiveravgiften blir korrigert. For å bedre den interne kontrollen, bør kravet inntektsføres mot en fordringskonto når kravet sendes NAV.

I dag foretas beregning av mer-/mindreinntekt direkte i e-rapp til NVE i stedet for å gjennomføre egne beregninger basert på opplysninger fra NVE om kilen mv. Vi anbefaler at foretaket setter opp egne beregninger basert på modell fra NVE som basis for bokføring, slik at e-rapp'en blir en kontroll av den tidligere foretatte bokføringen. Dette samsvarer også med de avvikene som er gitt i tilsynsrapporten fra NVE. Her er det også kommentarer til avvikene i anleggsnoten, som revisjonen også gjentatte ganger har bedt om korreksjon av. Etter vårt skjønn bør elverket ta i bruk Visma sin anleggsmodul slik at det sikres at regnskapet stemmer med fysiske gjenstander i virksomheten.

Skatteberegningen i 2013 er endret ved at anleggstype fibernet/bredbånd er overført fra saldogruppe G til D. Inngående balanse per 1.1.2014 er endret i tråd med dette.

Kommentarer til årsregnskapet

Vi minner om at bokføringsloven setter krav til at alle balanseposter skal dokumenteres pr. 31.12., med mindre de er ubetydelige Normalt samles dette i egen avstemmingsmappe, gjerne elektronisk, som stilles til rådighet for revisor ved fremlegging av årsregnskapet. Disse kravene er også lagt til grunn i vår fastpriskontrakt, som dessuten forutsetter at regnskapet blir levert i god tid før kommunens regnskapsavleggelse. I år, som i fjor, var ikke alle poster i regnskapet sluttført på avslutningstidspunktet. Dette henger trolig sammen med store endringer ved bytte av økonomisystem mv. Vi har derfor også i år jobbet parallelt med elverket, slik at alle vesentlige balanseposter etter hvert er blitt verifisert pr. 31.12.2014.

Inntekter, utgifter og lønn synes i hovedsak fullstendige og korrekt periodisert. Lønn og lønnsrelaterte poster er avstemt mot offentlige oppgave, og øvrige utgifter er kontrollert med hensyn til realitet og korrekt bokføring. Etter vårt skjønn er det innberettet ca. 530 000 kr for mye i pensjon. Foretaket må lage en justert innberetning til myndighetene for dette forholdet. Når det gjelder lagerbeholdningen, ble det gjennomført en egen kontroll for å sikre at opptelling nå fremstår som fullstendig. Opptalt lager er lagt til grunn i det avgjorte regnskapet. Lagerkartoteket viser imidlertid 643 742 kr høyere verdi. Etter to kontrolltellinger er vi fortsatt usikre på om den bokførte verdien er korrekt, da rutinene har vært svært svake i løpet av året. Det har ikke vært fysisk sikring av lageret, og ansvarlig har manglet slik at en ikke har kunnet være trygg på at alle inn- og utleveringer er registrert. Forholdet krever omtale i vår revisjonsberetning, da vi ikke kan uttale oss om riktigheten av denne posten. Vi anbefaler elverket om å foreta en ny telling og rydde opp i lageret så snart som mulig.

Eldre kreditposter i utestående kundefordringer er i 2014 inntektsført, da de var foreldet.

Aksjene i Steine Kraft AS og Økstra AS ble kjøpt i en tid hvor kraftpriser og energipriser generelt lå på et høyere nivå. De bokførte verdiene kan synes for høye sett ut fra dagens strømpriser og selskapenes bokførte verdier. Vi har derfor bedt foretaket om å foreta en verdivurdering av aksjepostene, og eventuelt foreta en passende nedskriving av dem. Begge selskapsregnskap viser underskudd i 2014. Selskapet mottok en vurdering fra Pareto, som viser bransjemessig tro på at det fortsatt er merverdier i de nevnte postene. Bokførte verdier er derfor beholdt som før. Vi slutter oss til meglerens anbefaling om at slike prosesser bør gjennomføres årlig i januar fremover.

Tilskudd til varige driftsmidler blir fortsatt nettosørt i stedet for å nytte bruttoprinsippet, som er en hovedregel etter NRS nr. 4 om offentlige tilskudd, hvor tilskuddet skal balanseføres som utsatt inntektsføring. Praksis bør legges om i 2015.

For øvrig er det vår vurdering at det reviderte regnskapet ikke inneholder vesentlige feil, og at det ikke er uakseptabel risiko knyttet til noen av regnskapspostene.

Misligheter

Revisor plikter i henhold til revisjonsforskriften § 4 å rapportere misligheter til kontrollutvalget med kopi til administrasjonssjefen. Vi har i år ikke avdekket eller fått melding om at misligheter skal ha funnet sted.

Betingede forpliktelser og hendelser etter balansedagen

Styrets leder og daglig leder har gjennom sine underskrifter på fullstendighetserklæring datert 16.4.2015, bekreftet at vi har fått tilgang til alle opplysninger som er relevante for årsregnskapet. Vi er ikke kjent med at det foreligger betingede forpliktelser eller hendelser etter balansedagen som får betydning for det avgjorte årsregnskapet.

Konklusjon – revisjonsberetningen

Vi har avgitt en revisjonsberetning med forbehold om verdien av varelageret. For øvrig har vi oppnådd betryggende sikkerhet for at resultatregnskap og balanse pr. 31.12.2014 ikke inneholder vesentlige feil, slik at øvrige konklusjoner er positive.

Kontrollutvalget har i henhold til kontrollutvalgsforskriften § 8 ansvaret for å påse at de merknader revisor har gjort, blir fulgt opp. Dette gjelder likevel ikke merknader vedrørende løpende forbedring og effektivisering av normal drift. For 2014 er det etter vår vurdering naturlig at kontrollutvalget følger opp forholdet påpekt i revisjonsberetningen.

Med hilsen
Rogaland Revisjon IKS

Cicel T. Aarrestad
Cicel T. Aarrestad
Revisjondirektør/statsautorisert revisor

S. Øiesvold
Siv Øiesvold
Revisor

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 08.04.15
Journalsført: 15/2121 og
Arkivkode: 212

Suldal elverk

VEDLEGG SAK 115-5

OPPSUMMERING INTERIM REVISJON 2014 – BREV NR 1

I forbindelse med at den løpende revisjonen gjennom året nå er avsluttet, og årsoppgjørsrevisjonen står for døren, vil vi benytte anledningen til å gi en liten oppsummering av våre vurderinger og funn så langt. Ved besøk den 25.11.2014 fikk vi gjennomgått en del av interim-revisjonen og forberedt årets årsoppgjør slik at dette kan bli lettere. Elverket står foran store utfordringer ved skifte av regnskapssystem fra 1.1.2015 samtidig som det innføres e-rapportering på offentlige avgifter. Etter det vi forstår er det nye økonomisystemet installert men ikke tatt i bruk enda. Det vil gjøres etter opplæring den 12.1.2015. I en så liten organisasjon er en slik omlegging relativt krevende, samtidig som en kan nyttiggjøre seg bransjeløsninger. Vi forventer at kontoplanen nå blir lagt opp i overensstemmelse med krav i NVE-rapporteringen samtidig som at konti klart viser sammenheng mot skattegrunnlag/monopoldelen. Det kan derfor være formålstjenlig at vi får tilgang til nytt system nå. Anleggskartoteket bør også ajourføres og samkjøres mot regnskapet.

Vi er noe bekymret for fremdriften av årsoppgjøret, siden det fortsatt gjensto en del å klargjøre på kontrolltidspunktet. Det synes derfor fornuftig å knytte til seg noe konsulenthjelp, spesielt på skattekalkulasjonsiden, slik at skattegrunnlaget bedre kan dokumenteres og fremlegges av dere, slik at vi kan fylle vår rolle som er kontroll. Foretaket bør planlegge inn årsavslutning slik at kontrollutvalget kan behandle årsregnskap for kommune og foretak den 29.4.2015. Vi ber om å få tilsendt en plan med fordeling av oppgaver med tilhørende tidsfrister slik at vi også lettere kan planlegge vår bistand.

Det er i noen grad fremlagt rutinebeskrivelser på lønn, innkjøp og salgsrutiner hvor disse også er testet på stikkprøvebasis. Vi vil likevel anbefale at det utarbeides skriftlige rutinebeskrivelser slik at sårbarheten kan reduseres. Det er godt fokus på styrerapportering av økonomi og resultater i foretaket. Vi vil likevel peke på at foretaket har relativt liten bemanning og er sårbar for nøkkelpersoner. Vi ser fortsatt en sårbarhet med tanke på kompetanse vedr. ny teknologi og IT-systemer.

Inntekter:

Rutiner for inntektsføring av Altibox fiber er gjennomgått. Etter vårt skjønn er det god oppfølging og gode rutiner på dette feltet, selv om det har vært et «tomrom» i en periode etter at ansvarlig overtok som daglig leder i elverket. Vi er kjent med at bemanningen nå er styrket. Det er god oppfølging av kraftsalg mot budsjett og prisjustering er varslet som følge av omsetningssvikt pga. mild høst. Gjennomgang av inntekt for kraftsalg på diverse kontoer avdekker avvik i forhold til rapport fra NVE. Som nevnt ovenfor bør kontoplan ryddes opp i. Kundefordringer har to eldre kreditposter som snart er 4 år.

Kjøp:

Det er ikke avdekket vesentlige feil på våre stikkprøver av kostnader i 2014. Kontroll av praksis vedr. lov om offentlige anskaffelser; elverket benytter seg av konsulenttjenester for mye av



dette. Av våre stikkprøver ble det likevel avdekket 2 manglende avtaler/protokoller. Leverandørgjeld har en debetpost som er eldre enn 5 år.

Siden daglig leder er ny, vil vi nevne at hans personlige utgifter inkl. reiseutgifter, bør attesteres og anvises av styrets leder slik at det grunnleggende prinsipp om at ingen kan anvise egne utgifter, opprettholdes.

Lønn:

Vi har gjennomgått rutinene for utbetaling av fast og variabel lønn, samt dekning av reiseregninger. Det ble avdekket fire tilfeller av timelister med registrerte overtidstimer hvor disse ikke var blitt utbetalt påfølgende måned. Årsak var at timene ble avspasert, og inngår i flexitid systemet. Forholdet burde vært dokumentert. Gjennomgang av reiseregninger for januar-oktober 2014 avdekket flere reiseregninger som ikke var attestert i august og september. Attestasjonsfunksjonen er en sentral kontroll i det å sikre at lønnsutbetalingen er berettiget, og vi anbefaler derfor å innskjerpe rutinen på dette området.

Varelager:

Kontrolltelling av varelager den 25.11.14 avdekket mange avvik. Ingen av de 10 tilfeldig valgte varene på lager samsvarer med lagerlister. Vi ber om at det gjennomføres varetelling pr. 31.12.2014 siden rutiner med kartotekføring åpenbart ikke er tilstrekkelig sikre. Etter det vi forstår er det utpekt en ansvarlig for ajourhold/fysisk kontroll og tilstedeværelse av lageret som nå har grepet fatt i dette. Varebeholdningen utgjorde 3,3 mill. kr i 2013 regnskapet. Siden posten er vesentlig for regnskapsavleggelsen, vil vi måtte vurdere om dette har konsekvenser for vår revisjonsberetning pr. 31.12.14.

Vi ber om en tilbakemelding på de nevnte forhold.

Med hilsen
Rogaland Revisjon IKS

Cicil T. Arrestad

Cicil T. Arrestad
Revisjondirektør/statsautorisert revisor



Rogaland Revisjon IKS
Lagårdsveien 78
4010 STAVANGER

VEDKOMME SAK 115 - 6

Sand, dato 31/1-15

A.nr.: 103
J.nr: 10/15/TBS

Dykkar ref. Tor Bjarne Smedsrød

VEDKOMANDE INTERIM REVISJON 2014

Viser til hyggeleg samtale med Dykk og til brev med oppsummering av interim revisjon 2014. I brevet vert det bede om tilbakemelding på forholda som vert påpeikt. Vi ber om årsak for at ei skriftleg tilbakemelding har tatt lang tid, men arbeid under og etter uveret i desember og januar har tatt mykje av tida vår.

Økonomisystem:

I det nye økonomisystemet har vi valt å følgje standard oppsett frå leverandøren. Dette oppsettet skal følgje krava til NVE og gjere rapporteringa enklare. Vi har bedt vår leverandør om å opprette brukar for revisor i systemet. Dette vil fungere som eit heimekontor og Sysco treng eit mobilnummer å sende kode til som skal brukast for å logge inn.

Anleggskartotek:

Det er programmet TekØk som vært nytta til føring av anleggskartoteket. Vi har starta prosessen med å oppdatere innhaldet i programmet for 2014. Dette er eit manuelt arbeid som vert utført av ein person i firmaet. Vi har eit ynskje om å bytte ut TekØk med anna program, men førebels har ny leverandør bare varsla at dei arbeider med eit tilsvarende program. Kva tid dette er klart for bruk er det ikkje sagt noko eintydig om, men truleg ikkje før i 2016.

Konsulenthjelp:

I samtalen under besøket kom det fram at De anbefalte oss å knytte til oss ekstern hjelp frå andre, spesielt på skattekalkningssida. Vi er einige i at dette ikkje er ei oppgåve for dei som skal revidere oss. Vi hadde lenge eit håp om at Sysco ville ta på seg dette oppdraget. Det vil dei gjere frå og med 2015 rekneskapet som vil bli ført i deira system. Dei hadde dessverre ikkje kapasitet til å ta dette oppdraget for 2014 rekneskapet. Vi håpar difor at vi også i år kan få hjelp av Rogaland Revisjon til å hjelpe oss med dette.

Årsrekneskap:

Vi har som mål å vera klare med rekneskapet i god tid før handsaminga i styremøte 28 april og i kontrollutvalet 29 april. Det er mykje som skal på plass og arbeidet er godt i gang. Så langt er det ingenting som tyder på at vi ikkje skal klare fristane.

Skriftlege rutinar:

Vedkomande skriftlege rutinar for løn, innkjøp og sal vil desse bli omarbeida til å passe nye system. Vi har valt å vente med utarbeidingsa av rutinebeskrivingane til vi kjenner systema litt betre. Vi har allereie implementert betre rutinar vedkomande attestering. Det nye timeregistreringssystemet gjer og at vi alltid føl gjeldande regelverk. Ordninga med at overtid ikkje har blitt utbetalt, men inngått i fleksitidsordninga er avslutta.

Kontoradresse	Postadresse	Telofonar	Bankkonto
Postvegen 9 4230 SAND	Postboks 134 4239 SAND	Sentralbord 52 79 26 00 E-post post@sev.no	3202 07 03120 Foretaksnr. 971 034 998 MVA

Lager:

Etter interim revisjonen er det tilsett person som er ansvarleg for lageret. Denne personen er godt i gang med å organisere lageret på ein betre måte. Saman med nye system for uttak av materiell reknar vi med at kontrollen på forbrukt materiell vil bli vesentleg betra i 2015. Det er og eit håp om at tiltaket kan betre rapporteringa for 2014, sjølv om kontrollteljinga avdekkja manglar.

Vi håpar at våre tiltak og planar er tilfredstillande sett frå revisor si side. Det er og vårt håp at Rogaland Revisjon IKS vil hjelpe oss med føringa av skatterekneskapet for året 2014. For rekneskapsåret 2015 vil vi bruke systemleverandøren vår til dette arbeidet.

Med helsing
SULDAL ELVERK KF

Tor Bjarne Smedsrød
Tor Bjarne Smedsrød
elverksjef

Svein Losnegård
Økonomi og Adm. sjef

Kontoradresse	Postadresse	Telefonar	Bankkonto
Postvegen 9 4230 SAND	Postboks 134 4239 SAND	Sentralbord 52 79 26 00 E-post post@sev.no	3202 07 03120 Foretaksnr. 971 034 998 MVA

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	29.04.15	12/15
Kommunestyret	19.05.15	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie		216

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «ARBEIDSGJEVARROLLA»

Vedlegg: notat om oppfølging av rapport - frå rådmannen, datert 20.04.15

Bakgrunn

På bestilling frå Suldal kontrollutval gjennomførte Rogaland Revisjon IKS ein forvaltningsrevisjon av «Arbeidsgjevarrolla» i kommunen våren 2014. Dette var i tråd med prioriteringane i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015.

Kontrollutvalet handsama rapporten den 19.06.14. Kommunestyret handsama rapporten den 09.09.14, i sak 49/14. Vedtaket i kommunestyret var følgjande:

1. *Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Arbeidsgjevarrolla» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

I rapporten kom revisjonen med følgjande tilrådingar:

- *Vurdere om kommunen sitt lønstilbod er konkurransedyktig nok til å tiltrekke seg ny arbeidskraft.*
- *Vurdere om ein har behov for ein samla og overordna analyse av framtidig kapasitets- og kompetansebehov.*
- *Vurdere om det er behov for å drøfte kva som ligg i den politiske og den administrative arbeidsgjevarfunksjonen og korleis arbeidsdeling mellom dei to sidene skal vere.*

Saksutgreiing

I notatet om oppfølging av rapport, datert 20.04.15 har rådmannen gjort greie for korleis rapporten har blitt følt opp. Notatet er vedlagt saka.

Rådmannen har svara på to av tilrådingane i rapporten, og han vil kunne utdjupa sine svar i møtet. Utvalet må sjølv vurdere om rådmannen har følt opp tilrådingane på ein tilfredsstillande måte.

Rådmannen har i sitt notat gitt følgjande svar på tilrådingane:

Vurdere om kommunen sitt lønstillbod er konkurransedyktig nok til å tiltrekke seg ny arbeidskraft:

- Kommunestyret gav rådmannen 3 mill kr ekstra til lokale lønsforhandlingar i januar 2012. Det har vore med på å løfta kommunen sitt lønsnivå til eit meir konkurransedyktig nivå på høgde med nabokommunane.
- Til KS si strategikonferanse i 2014 kom Suldal kommune bl.a. med følgjande merknad til debathefte: Lønsoppgjeret bør ha eit fokus på utfordringane med rekruttering som gjer kommunal sektor konkurransedyktig i kampen om arbeidskrafa.
- I etterkant av handsaminga av forvaltningsrevisjonsrapporten har me gjennomført eit hovudtariffoppgjer. I dei lokale forhandlingane har me hatt fokus på bl.a. leiing som var ein sentral føring, og ført dette vidare som følgje av ny organisasjonsstruktur. Me har sett på lokale utfordringar med rekruttering spesielt for akademikerne i kap. 5, og me har løfta store grupper i kap. 4. Suldal kommune har eks. eit høgt lønsnivå på sjukepleiarane våre.
- For nokre år tilbake gav Suldal kommune kr 80 000,- i rekrutteringsstipend for lærarar og førskulelærarar som ville binda seg til 2 år. Me fekk fleire nye lærarar via dette stipendet som framleis er tilsett hjå oss.

Det er ikkje gjort andre vurdringar av lønsnivået i etterkant av revisjonsrapporten enn det som vart gjort i dei lokale lønsforhandlingane. Til desse forhandlingane blei det innhenta opplysningar frå fleire nabokommunar. Generelt bilete viste at me i fleire område framleis låg under nabokommunar. Formannskapet blei orientert om desse opplysningane, og forhandlingsutvalet nytta dei aktivt i forhandlingane. Arbeidsgjevar meinar at me har hatt eit godt fokus på lønsnivået vårt dei seinare åra. Det er bl.a. utarbeidd ein lønspolitisk plan som vart revidert før hovudtariffoppgjeret i fjor haust.

Vurdere om ein har behov for ein samla og overordna analyse av framtidig kapasitets- og kompetansebehov:

- Rådmannen la fram «Plan for å behalde og rekrutttere – med strategiar» for kommunestyret i november 2014. Planen inneholdt bl.a. 11 strategiar som rådmannen vil arbeida vidare med i lag med dei tillitsvalde.
- I fjar haust vart det fokusert på rekrutteringsstrategien, og kompetansehevingsplanen vart utsett til 2015. I denne planen vil me bl.a. sjå på kva for behov me har for kompetanseutvikling også sett i høve til den høge alderssamsetjinga av arbeids- stokken vår.
- Suldal kommune har eit utdannings- og rekrutteringsfond på 6 mill kr. Både rekrutteringsstrategien og kompetansehevingsplanen vil vera innom korleis me kan nyttiggjera oss desse midlane i vidare utvikling av Suldal kommune.
- Det vert kvart år sett av midlar til etter- og vidareutdanning.
- Det vart i 2014, og vidare i 2015 sett i gang eit leiarutviklingsprogram. Me er også i gang med eit administrativt opplæringsprogram som vil få sterkare fokus i 2015.
- Suldal kommune innførte eit nytt løns-, personal- og økonomisystem frå 01.01.14 (VISMA). Det er fleire modular som no er på veg til å verta innført. Her er det også høve for kvar einskild arbeidstakar til sjølv å få registrert sin kompetanse, og

få den godkjent av sin leiar. Det er høve til å søkje i databasen etter kven som måtte ha den kompetansen ein er ute etter. Det vil ta noko tid før denne delen av programmet er teke i full bruk.

- Seniorpolitikken skal evaluerast i løpet av 2015. Ein god seniorpolitikk vil føre til at tilsette vel å stå lengre i jobb. Dette vil både vera økonomisk gunstig for kommunen, og samstundes gjera oss betre i stand til å utvikla den kompetansen som me treng.
- Prosjektet «Utdanning i Ryfylke» har vore positivt for kompetansehevinga av våre tilsette. Både med kortare utdanningsfag, og med grunnutdanning av vernepleiarar.
- Suldal kommune vil jf. rekrutteringsstrategien samarbeida med Suldal Vekst for å styrka rekrutteringa i både offentleg og privat sektor.
- Rekruttering er utfordrande, og me ser at det kan vera vanskar med å skaffe nok hendar til framtidige stillingar i kommunen. Det er difor viktig at me satsar på kompetanseheving av eigne tilsette for å sikra god nok kvalitet på tenestene våre framover.

Ved utarbeiding av kompetansehevingsplan, revidering av seniorpolitikken og framtidig bruk av kompetansemulen i VISMA ser me for oss å ha god oversikt over behova våre framover.

I følgje Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 12 heiter det at:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandling av rapporter skal følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Det ligg ikkje til utvalet å fastsetje kva måte administrasjonen vel å følge opp avvik/svakheiter på, då dette er rådmannen sitt ansvar.

Kontrollutvalet kan likevel melde vidare til kommunestyret dersom saker etter utvalet si meining ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Suldal kommunestyret tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltnings-revisjonsrapport om «Arbeidsgjevarolla» til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

Aksdal, 22.04.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

INTERNT NOTAT

Dok. ref.
14/229-7

Arkivkode
K1 - 210, K1 - 410

Dato:
20.04.2015

TILBAKEMELDING TIL KONTROLLUTVALET

Vurdere om kommunen sitt lønstillbod er konkurransedyktig nok til å tiltrekke seg ny arbeidskraft:

- Kommunestyret gav rådmannen 3 mill kr ekstra til lokale lønsforhandlingar i januar 2012. Det har vore med på å løfta kommunen sitt lønsnivå til eit meir konkurransedyktig nivå på høgde med nabokommunane.
- Til KS si strategikonferanse i 2014 kom Suldal kommune bl.a. med følgjande merknad til debatthefte: *Lønsoppgjeret bør ha eit fokus på utfordringane med rekruttering som gjer kommunal sektor konkurransedyktig i kampen om arbeidskrafter.*
- I etterkant av handsaminga av forvaltningsrevisjonsrapporten har me gjennomført eit hovudtariffoppgjer. I dei lokale forhandlingane har me hatt fokus på bl.a. leiing som var ein sentral føring, og ført dette vidare som følgje av ny organisasjonsstruktur. Me har sett på lokale utfordringar med rekruttering spesielt for akademikerne i kap. 5, og me har løfta store grupper i kap. 4. Suldal kommune har eks. eit høgt lønsnivå på sjukepleiarane våre.
- For nokre år tilbake gav Suldal kommune kr 80 000,- i rekrutteringsstipend for lærarar og førskulelærarar som ville binda seg til 2 år. Me fekk fleire nye lærarar via dette stipendet som framleis er tilsett hjå oss.

Det er ikkje gjort andre vurdringar av lønsnivået i etterkant av revisjonsrapporten enn det som vart gjort i dei lokale lønsforhandlingane. Til desse forhandlingane blei det innhenta opplysningar frå fleire nabokommunar. Generelt bilete viste at me i fleire område framleis låg under nabokommunar. Formannskapet blei orientert om desse opplysningane, og forhandlingsutvalet nyttja dei aktivt i forhandlingane. Arbeidsgjevar meinat at me har hatt eit godt fokus på lønsnivået vårt dei seinare åra. Det er bl.a. utarbeidd ein lønspolitisk plan som vart revidert før hovudtariffoppgjeret i fjor haust.

Vurdere om ein har behov for ein samla og overordna analyse av framtidig kapasitets- og kompetansebehov:

- Rådmannen la fram «Plan for å behalde og rekruttere – med strategiar» for kommunestyret i november 2014. Planen inneheldt bl.a. 11 strategiar som rådmannen vil arbeida vidare med i lag med dei tillitsvalde.
- I fjor haust vart det fokusert på rekrutteringsstrategien, og kompetansehevingsplanen vart utsett til 2015. I denne planen vil me bl.a. sjå på kva for behov me har for kompetanseutvikling også sett i høve til den høge alderssamsetjinga av arbeidsstokken vår.
- Suldal kommune har eit utdannings- og rekrutteringsfond på 6 mill kr. Både rekrutteringsstrategien og kompetansehevingsplanen vil vera innom korleis me kan nyttiggjera oss desse midlane i vidare utvikling av Suldal kommune.

- Det vert kvart år sett av midlar til etter- og vidareutdanning.
- Det vart i 2014, og vidare i 2015 sett i gang eit leiarutviklingsprogram. Me er også i gang med eit administrativt opplæringsprogram som vil få sterkare fokus i 2015.
- Suldal kommune innførte eit nytt løns-, personal- og økonomisystem frå 01.01.14 (VISMA). Det er fleire modular som no er på veg til å verta innført. Her er det også høve for kvar einskild arbeidstakar til sjølv å få registrert sin kompetanse, og få den godkjent av sin leiar. Det er høve til å søkje i databasen etter kven som måtte ha den kompetansen ein er ute etter. Det vil ta noko tid før denne delen av programmet er teke i full bruk.
- Seniorpolitikken skal evaluerast i løpet av 2015. Ein god seniorpolitikk vil føre til at tilsette vel å stå lengre i jobb. Dette vil både vera økonomisk gunstig for kommunen, og samstundes gjera oss betre i stand til å utvikla den kompetansen som me treng.
- Prosjektet «Utdanning i Ryfylke» har vore positivt for kompetansehevinga av våre tilsette. Både med kortare utdanningsfag, og med grunnutdanning av vernepleiarar.
- Suldal kommune vil jf. rekrutteringsstrategien samarbeida med Suldal Vekst for å styrka rekrutteringa i både offentleg og privat sektor.
- Rekruttering er utfordrande, og me ser at det kan vera vanskar med å skaffe nok hendrar til framtidige stillingar i kommunen. Det er difor viktig at me satsar på kompetanseheving av eigne tilsette for å sikra god nok kvalitet på tenestene våre framover.

Ved utarbeiding av kompetansehevingsplan, revidering av seniorpolitikken og framtidig bruk av kompetansemodulen i VISMA ser me for oss å ha god oversikt over behova våre framover.

Fellestenestene

Tordis-Kristin Tobiassen
løns- og personalsjef
52 79 22 24

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	29.04.15	13/15
Kommunestyret	19.05.15	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie/Toril Hallsjø	033	

REVISJONSORDNING FRÅ 2016 – EIGENREGI ELLER KJØP AV TENESTER

Vedlegg: Utkast til konkurransegrunnlag - kjøp av revisjonstenester (blir ettersendt)
(Unnateke offentleggjering i medhald av offentleglova § 5, jf.
anskaffelsesloven § 1 - Likebehandling)

Saksorientering:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte 21.10.14, sak 64/14 kontrollutvalet si innstilling:

Suldal kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS om levering av revisjonsteneste til Suldal kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

Ein vil og tilrå, dersom det er i tråd med regelverket, at det i god tid før 30.06.16 vert vurdert å utvida opsjonen med ytterligare eit år, til 30.06.17.

I følgje lov og forskrift om offentlege anskaffingar kan ikkje kontrakten forlengast når dette ikkje blei kunngjort då anbodkonkurransen blei avholdt. Det vil då bli rekna som ein ulovleg direkteanskaffing å forlengja kontrakten.

Kommunen kan velje anten å ha revisjon i eigenregi (eigen revisor eller revisjon i samarbeid med andre kommunar) eller å kjøpe revisjonstenester frå eit privat selskap. Det er kommunestyret som, på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet, avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha, jf. Koml. § 78 nr. 3. Kommunestyret kan ikkje delegera dette ansvaret.

Sekretariatet arbeider nå, i samarbeid med innkjøpssamarbeidet på Haugalandet, med å utarbeide eit anbodsdocument. Eit utkast vil bli sendt ut i eigen sending. Konkurransegrunnlaget er unnateke offentleggjering i medhald av Offentleglova § 5, jf. lov om offentlege anskaffingar § 1. Grunngjevinga for å utsetje offentleggjeringa av dokumentet er å sikre likebehandling av tilbydarane. Dette gjer ein ved at alle tilbydarane får tilgang til opplysningsane i dokumentet samstundes. Sidan dokumentet har utsett offentleggjering bør møtet lukkast etter kommune-loven § 31, 5. i den grad kontrollutvalet ønskjer å få nærmare informasjon om innhaldet, og eventuelt drøfte sider ved dokumentet.

Generelt om innkjøp

Innkjøp av revisjonstenester fell inn under reglane om offentlege innkjøp og reglar som følgjer av EØS-avtalen. Reglane sett krav til kva prosedyre ein må følgje, avhengig av kor stor kontrakt det er tale om. Etter nasjonale reglar må ein utlyse anbodskonkurranse når verdien på kontrakten er meir enn kr 500.000,-. Når verdien på kontrakten overstig kr 1,6 mill. kr, krev EØS-avtalen at anboden må kunngjerast i heile EØS-området, noko som vil vere tilfelle med denne kontrakten.

Når ein skal rekne ut kor stor kontrakten er i forhold til desse reglane, må ein sjå alle åra kontrakten gjeld under eit. Det inneber at ein må summere opp kjøpa for dei åra som kontrakten skal gjelde, til dømes 4 år + 2 års opsjon.

Vurdering

Anbodskonkuransen vert foreslått gjennomført som open anbodskonkurranse utan forhandlingar. Sist anbodsrounde i desember 2011 og våren 2012 blei den gjennomført som open anbodskonkurranse med forhandlingar. Den gang køyte sekretariatet anbodsprosessen for 7 kommunar (Sveio, Tysvær, Vindafjord, Etne, Sauda, Bokn og Utsira) mot 4 tilbydarar.

Haugesund og Karmøy hadde sin anbodskonkurranse sommaren 2011 utan forhandlingar. Det same hadde Suldal, som ønskte sin anbodskonkurranse hausten 2011 utan å vente på ei avklaring om mogleg fusjon mellom Indre Hordaland kommunerevisjon og Haugaland kommunerevisjon. Då det ikkje blei noko av fusjon, vedtok dei andre kommunestyra, etter innstilling frå kontrollutvala, å konkurranseutsette revisjonstenestene.

Dei to utvalsleiarane som møtte til forhandlingane den 08.02.11, samt revisjonsselskapa uttrykte at dei var nøgd med at dei kunne gje ein personleg presentasjon av kva selskapa kunne tilby av tenester og kompetanse. Det vart sett av ca. 10 minutt til kvar kommune, men kvart selskap fekk då ca. 1,5 time til sin presentasjon. Alt var dokumentert i skriftleg materiale. Tilbydarane fekk tilbod om å komme med nytt pristilbod til neste dag. Alle 4 tilbydarane kome med nytt tilbod. Midlertidig må ein tenke at innlevert pris blir sett avhengig av type anbod som vert lyst ut. Det er også svært krevjande å administrere forhandlingar mellom 10 kontrollutval/kommunar og fleire tilbydarar. Det er også noko usikkert blant dei innkjøpskyndige om det er lovleg til å nytte denne type anbod.

Konkurransegrunnlaget sist gong blei delt i tre delar. Første del omfatta kva slags kvalifikasjonskrav kommunen stiller til dei som skulle levere inn anbod. Dei viktigaste krava som vart stilt var krav til autorisasjon som revisor, samt at firma som skulle levere inn anbod måtte ha dei tekniske, økonomiske og faglege kvalifikasjonane som er naudsynt for å kunne revidere kommunen sine reknescap.

Tildelingskriterier

Det blei lagt opp til å velje den leverandøren som hadde *det økonomisk mest fordelaktige tilbodet*. For å skilje leverandørane frå kvarandre blei det i 2011 sett opp følgjande tildelingskriterier:

- ✓ pris (55 %)
- ✓ løysning og forståing for oppdraget (35 %)
- ✓ referansar (10 %)

Andre kommunar har sett andre tildelingskriterier. Klepp kontrollutval/kommune som hadde sitt konkurransegrunnlag våren 2014 sette følgjande:

- ✓ pris (40 %)
- ✓ kompetanse/erfaring til teamet for rekneskapsrevisjon (30 %)
- ✓ kompetanse/erfaring til teamet for forvaltningsrevisjon/selskapskontroll (30 %),

mens Time kontrollutval/kommune sette hausten 2014 følgjande kriterier:

- ✓ pris (70 %)
- ✓ oppgåveløysing (30 %)

Ved evaluering av tilboda fekk den tilbydar som leverte dei mest gunstige vilkåra toppscore 10 poeng og tilsvarende vektingsprosent for dei respektive kriteria.

Øvrige tilbydarar blei vekta relativt i høve til beste tilbydar i kvar av kriteria. Ved evaluering av pris fekk lågaste pris 10 poeng. Dei andre tilboda fekk poeng tilsvarende denne etter følgjande formel: $10 - (\text{aktuell pris} - \text{lågast pris}) / \text{aktuell pris} \times 10 / 100$.

Den tilbydar som totalt sett oppnådde høgast poengsum, vart sett på som *den økonomisk mest fordelaktige tilbydar* og blei tildelt kontrakt.

Rogaland kontrollutvalgssekretariat har opplyst at det viste seg at det var vanskeleg å vekte tilbyderane/selskapa, da dei alle ville kunne løyse oppgåvene på ein god måte. Ved utveljinga av beste tilbod var det **pris** som var det kriteriet som til sjunde og sist var det som skilte mellom tilboda.

Sekretariatet vil med dette som bakgrunn tilrå følgjande kriterier:

- ✓ pris (70 %)
- ✓ oppgåveløysing/forståing av oppdraget/kompetanse/erfaring (30 %)

Tilbodet

Det var vidare i 2012 lagt opp til at det skal gjevast ein **fast pris** på rekneskapsrevisjonen med tilhøyrande attestasjonar, inkludert attestasjon av krav om momskompensasjon. Prisen skulle også inkludere oppmøte i kontrollutvalet og kommunestyret, jf. kravspesifikasjon.

For forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og granskningar skulle det gjevast ein **timepris** som skulle vere fast i anbodsperioden innanfor ei **stipulert timeramme**. Denne timeramma sette utvalet sjølv.

I årleg forvaltningsrevisjon krev, alt etter kor kompleks oppdraget er, eit timeforbruk på frå 200 til 300 timer. Det har vore praksis for å legge til grunn ein til to forvaltningsrevisjon i året. Etter § 9 i forskrift skal kontrollutvalet sjå til at kommunen årleg blir gjenstand for forvaltningsrevisjon

Dei siste åra har det vore lagt inn ca. 250-350 timer til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollutvalet har rett til å sette i gong prosjekt som samla inneber mindre eller fleire timer enn det som er skissert i konkurransegrunnlaget.

I fylge budsjettet for 2015 er det sett av kr 625.000,- til kjøp av revisjonstenester. Føreset ein same nivå i åra som kjem, vil kontrakten ha ein total verdi på om lag **3,75 mill. kr.** Utlysinga skjer ved at anbodsdocumentet vert lagt ut på innkjøpsdatabasane Doffin (nasjonal

innkjøpsdatabase) og TED. Når anbodsdocumentet er lagt ut, vert dokumentet automatisk offentleg.

Kjøpet må gjerast gjennom ein open anbodskonkurranse og då tar det normalt 40 dagar frå anboden er lagt ut i EØS-området til tilbodusfristen går ut og sekretariatet mottar anbod.

Frå Hordaland fylkeskommune sitt kontrollutvalssekretariatet, som har etter kvart mykje erfaring med arbeid knytte til å lyse ut revisjonstenester på anbod, tilrår dei konsekvent 4 års avtaler med 2 års opsjon. Det blir vist til at det er så arbeidskrevjande heile anbodsprosessen og at det heller ikkje er enkelt for kommunane å skifte revisor for ofte. Vidare kjørar dei berre med open anbodskonkurranse (utan forhandlingar), då kjøpet/oppdraget ikkje reknast som spesielt komplisert å beskrive og difor kan komme i denne kategorien med forhandlingar.

Sekretariatet har også drøfta saka og den vidare prosessen for gjennomføring av ein anbodskonkurranse med økonomisjefar og innkjøpsansvarlege i eit par av kommunane.

Dersom utvalet vel å konkurranseutsetje tenestene bør utvalsleiar få fullmakt til å godkjenne det endelige konkurransegrunnlaget.

Framdriftsplan

Sekretariatet planlegg at kontrollutvalet får sak om val av revisor i fyrste møte i haust og at kontrollutvalet si innstilling vert lagt fram for kommunestyret sitt møte i november. Dette vert gjort under føresetnad av at kjøp av tenestene blir konkurranseutsett og utlyst i juni 2015. Dersom Suldal kommune ynskjer å vurdere ei anna revisjonsordning bør kommunestyret fatte vedtak om dette så snart som råd er.

Uansett skal det skrivast kontrakt med det aktuelle selskap og selskapa skal kunne få tid til å omstille seg til endra kontraktar frå og med juli 2016.

Då det i kommunelova er fastsett at det er kommunestyret *sjølv* som vel revisor, vil det seie at det vert lagt opp til samordna utlysing for alle kommunane innan sekretariatet sitt ansvarsområde med særskilte konkurransegrunnlag for kvar kommune og den vidare handsaminga.

Kommunereform

Sekretariatet kan ikkje sjå at kommande kommunereform vil ha innverknad for avtaleperioden, då det i det i noverande kommunestyrevedtak ikkje verker som det vert lagt opp til frivillige samanslåingar innan juni 2016. Vedtatt prosess legg opp at rådmannen sin utgreiing skal ut på høyring seinast 1. mars og innstilling vere klar mai 2016. Det inneber at Suldal kommune og kommunane på Haugalandet sitt vedtak vil vere klar innan 01.07.16.

Våren 2017 legg regjeringa fram forslag til Stortinget om ny kommunestruktur i Noreg. Etter regjeringa sin skisserte framdrift, vil ny kommunestruktur gjelde tidligast frå 01.01.19 og seinast 01.01.20. I konkurransegrunnlaget og kontrakten vil ein ta etterhald for eventuelle endringar i kommunestruktur i avtaleperioden. Det vil bli gjort framlegg om 4 års avtaleperiode og 2 års opsjon, dvs. at kommunane har rett til å forlengje avtalen fram til 31.06.22.

Interkommunalt samarbeid

Utvaleiar meiner utvalet også må sjå på moglegheita for å delta i et interkommunalt samarbeid, det vil seie bli deltakar og eigar i Rogaland Revisjon IKS. Kommunen vil på den måten ha dette selskapet som fast revisor. Utvalet bør drøfte dette i møtet og eventuelt komme med innstilling til kommunestyret.

Då framtidig organisering av revisjonstenestene blei handsama i 2011 fekk sekretariatet følgjande svar frå Rogaland Revisjon IKS ved revisjonsdirektør/statsautorisert revisor Cicel T. Arrestad på ei henvending på om det er aktuelt for dei å ta opp fleire deltakarkommunar i samarbeidet:

Styret for Rogaland Revisjon IKS har som ledd i sin strategiutvikling stilt seg positiv til opptak av nye deltakerkommuner, hvorav spesielt våre nabokommuner anses som naturlige samarbeidspartnere. Representantskapet i Rogaland revisjon IKS er også kjent med dette og bifaller ordningen.

Opptak av nye deltakere er en omfattende prosess i et interkommunalt selskap med endringer av selskapsavtalen og særskilt vedtak i hvert kommunestyre, jfr. lov om interkommunale selskap, heretter kalt IKS-loven § 4 og vår selskapsavtale av 31.12.05.

Ved opptak av nye deltakere kan det tenkes en utvidelse av ansvarskapitalen eller en endring av eierandel til deltakerne med den eksisterende kapitalen. De økonomiske realitetene rundt inntreden må avklares nærmere før en kan ta stilling til dette.

Rogaland Revisjon IKS har følgende deltakere:

Bjerkreim, Eigersund, Finnøy, Forsand, Gjesdal, Hjelmeland, Hå, Kvitsøy, Lund, Rogaland fylke-, Randaberg, Rennesøy, Sandnes, Sokndal, Sola, Stavanger og Strand kommune.

Formål og ansvarsområde for selskapet:

Rogaland Revisjon IKS – skal utføre de lovpålagte revisjonsoppgaver for deltakerne
Rogaland Revisjon IKS – kan utføre andre revisjonsoppdrag og rådgivning for deltakerne og
kan utføre revisjonsoppdrag og rådgivning for andre selskaper.

Selskapet har følgjande organisering: Representantskapet - Styret - Daglig leder

Informasjonen om Rogaland Revisjon IKS er henta frå deira heimeside www.rogaland-revisjon.no – der finn ein meir utfyllande informasjon om selskapet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**Alternativ I**

Kontrollutvalet ber sekretariatet sette i gang arbeidet med å få lagt ut anbod for kjøp av revisjonstenester i Doffin.no og TED-basen før sommaren 2015 og sak om val av ny revisor for perioden 2016-2020 vert lagt fram hausten 2015.

Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å godkjenne endeleg konkurransegrunnlag.


Saka vert sendt kommunestyret til orientering.

eller

Alternativ II

Suldal kommunestyre ønskjer å inngå som eigar/deltakar i interkommunalt samarbeid om revisjonstenester. Kommunen søker om deltaking i Rogaland Revisjon IKS og bli ein del av eigarkommunane så snart det lar seg praktisk løysa. Selskapet blir dermed kommunen sin faste revisor.

Aksdal, 23.04.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekreterær